

TILSYNSRAPPORT

Skulemiljø - aktivitetsplikta

Bømlo kommune - Hillestveit skule

Sak 2020/8855

Innhald

1	Innleiing	4
1.1	Kort om Bømlo kommune og Hillestveit skule	4
1.2	Tema og gjennomføring av tilsynet	4
1.2	Rektor skal sikre, følge opp og sørge for	5
1.4	Kommunens tilbakemelding på førebels tilsynsrapport.....	6
2	Skulens aktivitetsplikt for å sikre at elevane har eit trygt og godt skulemiljø	6
2.1	Rettslege krav	6
2.1	Våre observasjonar, vurderingar og konklusjonar	8
3	Plikta til å straks varsle, undersøke og setje inn tiltak dersom ein som jobbar på skulen, krenker ein eller fleire elevar	25
3.1	Rettslege krav	25
3.2	Våre observasjonar, vurderingar og konklusjonar	26
4	Plikta til å gjennomføre, evaluere og tilpasse tiltak	30
4.1	Rettslege krav	30
4.2	Våre observasjonar, vurderingar og konklusjonar	31
5	Våre reaksjonar	36
5.1	Pålegg om retting.....	36
5.2	Oppfølging av pålegga	37
6	De har rett til å klage	37

Samandrag

Vi fører tilsyn med Bømlo kommune. Temaet for tilsynet er skulens aktivitetsplikt for å sikre at elevane har eit trygt og godt skulemiljø. Føremålet med tilsynet er å kontrollere om kommunen oppfyller krava i regelverket.

Bømlo kommune ved Hillestveit skule er valt ut etter ei vurdering av kor sannsynleg det er at skulen ikkje oppfyller krava i opplæringslova §§ 9 A-2, 9 A-3 og 9 A-4. Grunnlaget for vurderinga er ei risikovurdering som går fram av kapittel 1.2.

Tilsynsrapporten omhandlar våre funn knytt til temaet som er valt, på det tidspunktet tilsynet er gjennomført.

Fylkesmannen konkluderer med at Bømlo kommune ved Hillestveit skule ikkje oppfyller pliktane etter gjeldande regelverk.

Bømlo kommune må syte føre at skulen oppfyller plikta til å følgje med og gripe inn, varsle, undersøke og setje inn tiltak for å sikre at elevar har eit trygt og godt skulemiljø, jf. opplæringslova §§ 9 A-2, 9 A-3 og 9 A-4.

Våre vurderingar er basert på innsendt dokumentasjon, innsendte eigenvurderingar og intervju.

Vegen vidare

Fylkesmannen har sett frist for retting til 25. mars 2021. Bømlo kommune må sende oss ei erklæring om at forholda er retta og ei utgreiing om korleis brota er retta.

1 Innleiing

Fylkesmannen fører tilsyn med offentlege skular, jf. opplæringslova § 14-1 første ledd, jf. kommunelova kapittel 30. I tilsyn kontrollerer vi om skulane oppfyller opplæringslova med forskrifter.

Våre tilsyn er utøving av offentlig myndigheit, noko som inneber at vi skal gjennomføre tilsynet i samsvar med reglane i forvaltningslova og offentliglova. I tilsynet handsamar vi personopplysningar. Les meir om vår handsaming av personopplysningar på www.udir.no/regelverk-og-tilsyn/tilsyn/

1.1 Kort om Bømlo kommune og Hillestveit skule

Hillestveit skule ligg på Langevåg sør i Bømlo kommune og er ein kombinert barne- og ungdomsskule. Det går 147 elevar ved skulen.

Vi valde å opne tilsyn på bakgrunn av ei risikovurdering. I vurderinga kom det fram at elevar på 10. trinnet opplever mobbing på skulen og at ungdomstrinnet i tillegg har låg skår på trivsel, meistring, motivasjon og medverknad i Utdanningsdirektoratet si elevundersøking. I tillegg syner statistikk at skulen har lågare grunnskulepoeng enn nasjonalt, og at skulebidragsindikatoren er lågare enn det nasjonale snittet.

1.2 Tema og gjennomføring av tilsynet

Vi opna tilsyn med Bømlo kommune i varselbrev datert 29. mai 2020. Kommunen vart pålagt å levere dokumentasjon til oss med heimel i opplæringslova § 14-1 første ledd, jf. kommunelova § 30-3. Kommunen hadde frist til 12. august 2020 for å levere eigenvurdering i RefLex. Eigenvurderingar og dokumentasjon vart levert inn innan fristen.

Temaet for tilsynet er skulens aktivitetsplikt for å sikre at elevane har eit trygt og godt skulemiljø. Temaet inngår i felles nasjonalt tilsyn frå 2018. I tilsynet har vi kontrollert følgjande undertema:

1. Plikta til å følge med og gripe inn, varsle, undersøke og setje inn tiltak ved mistanke eller kjennskap til at ein elev ikkje har eit trygt og godt skulemiljø
2. Plikta til å straks å varsle, undersøke og setje inn tiltak dersom ein som jobbar på skulen, krenkjer ein eller fleire elevar
3. Plikta til å gjennomføre, evaluere og tilpasse tiltak

Vi har ikkje sett på korleis de oppfyller andre krav i regelverket.

Formålet med tilsynet er å kontrollere om Bømlo kommune følgjer regelverket i opplæringslova med forskrifter. For å kontrollere dette undersøker vi skulen sin praksis ved Hillestveit skule.

Vi sende ein førebels tilsynsrapport til kommunen den 4. november 2020. Kommunen fekk frist til 20. november 2020 for å kommentere rapporten. Kommunen bad om å få utsett frist til 1. desember 2020, noko dei fekk innvilga. Vi mottok kommunens tilbakemelding innan fristen.

Denne tilsynsrapporten gjev ikkje ei heilskapsvurdering av skuleeigaren og opplæringsstaden. Rapporten omhandlar berre resultat knytt til temaet som er valt, og på det tidspunktet tilsynet er gjennomført.

1.2 Rektor skal sikre, følgje opp og sørge for

I fleire av kontrollsmåla er det stilt spørsmål om rektor «sikrar, «syter for» eller «følgjer opp». Omgrepa stiller ulike krav til rektor, men har til felles at rektor må jobbe systematisk for å oppfylle lova.

Rektor skal sikre

At rektor skal sikre at skulen oppfyller eit krav i regelverket, betyr at vi undersøker om rektor har bestemt ein fast framgangsmåte for korleis skulen skal oppfylle kravet. Dette er nødvendig der regelverket gir skulen eit handlingsrom for korleis de skal oppfylle kravet. Skulen må sjølv bestemme korleis ein skal gå fram i kvar enkelt sak. Det er ikkje eit krav at framgangsmåten er skriftleg, men framgangsmåten må vere eigna til å sikre at kravet i lova blir oppfylt i alle saker på den aktuelle skulen. Rektor må i tillegg til følgje opp at dei tilsette på skulen brukar framgangsmåten i praksis.

Framgangsmåten må vere kommunisert ut til dei tilsette og må skildre korleis skulen skal oppfylle eit lovkrav. Det held ikkje at sjølve lovkravet er kommunisert ut til dei tilsette. Det skal vere ein framgangsmåte som tek føre seg korleis skulen skal jobbe for å oppfylle eit lovkrav der lova ikkje har bestemt korleis skulane skal oppfylle eit lovkrav. Det er og eit krav at denne framgangsmåten er kjend blant dei tilsette, og at dei brukar framgangsmåten i praksis.

Rektor skal følgje opp

I nokre tilfelle er framgangsmåten gitt. Skulen har då ikkje eit handlingsrom for korleis dei skal oppfylle kravet. At rektor skal følgje opp at skulen oppfyller eit krav i regelverket, betyr at rektor må forsikre seg om at den bestemte framgangsmåten blir følgt opp i praksis på skulen.

Rektor skal syte for

At rektor skal syte for at eit krav blir oppfylt, betyr at oppgåva er av ein slik art at det ikkje er nødvendig med ein fast framgangsmåte. Kravet er at rektor systematisk jobbar for at lovpålagde oppgåver blir følgt opp.

Andre omgrep

Når kontrollspørsmåla ikkje inneheld krav om at rektor skal sikra, følgje opp eller syte for, tyder det at vi ikkje vurderer det systematiske arbeidet til rektor, men berre om rektor oppfyller kravet i praksis.

1.4 Kommunens tilbakemelding på førebels tilsynsrapport

Rektor skriv i tilbakemeldinga at skulen er i gong med å få på plass prosedyrar og konkrete framgangsmåtar som gjer til at praksisen kan forbeistrast, og at dette arbeidet skjer saman med tilsette, leining og administrativ leining på kommunenivå.

Vi har vurdert tilbakemeldinga frå kommunen. Der tilbakemeldinga har tilført ny informasjon er dette innarbeidd i rapporten.

2 Skulens aktivitetsplikt for å sikre at elevane har eit trygt og godt skulemiljø

2.1 Rettslege krav

Alle elvar har rett til eit trygt og godt skulemiljø som fremjar helse, trivsel og læring, jf. opplæringslova § 9 A-2.

Plikta til å følgje med og gripe inn, varsle, undersøke og setje inn tiltak ved mistanke eller kjennskap til at ein elev ikkje har eit trygt og godt skulemiljø kallar vi skulen si aktivitetsplikt. Aktivitetsplikta er skildra i opplæringslova § 9 A-4.

Rektor har ansvar for at skulen jobbar kontinuerleg og systematisk for å fremje helse, miljø og tryggleik til elevane, slik at plikta til å følgje med og gripe inn, varsle, undersøke og setje inn tiltak ved mistanke om eller kjennskap til at ein elev ikkje har eit trygt og godt skulemiljø, blir oppfylt, jf. opplæringslova § 9 A-3.

Plikta til å følgje med på om elevane har eit trygt og godt skulemiljø

Alle som jobbar på skulen, skal vere merksame på forhold eller oppførsel som kan tyde på at ein elev ikkje har eit trygt og godt skulemiljø. De skal følgje spesielt godt med på sårbare elevar. De må skaffe dykk informasjon frå elevane om korleis dei opplever skulemiljøet. Det er elevane si eiga subjektive oppleving av skulemiljøet som er avgjerande. De skal dokumentere korleis de følgjer med. Rektor skal sikre at alle som jobbar på skulen veit at de skal følgje med, og følgje opp at det blir gjort.

Plikta til å gripe inn mot krenkingar dersom det er mogleg

Plikta til å gripe inn handlar om straks å stanse negativ oppførsel, for eksempel ved å bryte opp ein slåsskamp eller stanse ein utfrysingssituasjon. Alle som jobbar på skulen, skal ha nulltoleranse mot krenkingar som for eksempel utestenging, isolering, baksnakking, mobbing, vald, diskriminering og trakassering. De skal dokumentere korleis de grip inn. Rektor skal syte for at alle som jobbar på skulen grip inn mot krenkingar.

Plikta til å varsle rektor

Plikta til å varsle rektor gjeld all mistanke om eller kjennskap til at ein elev ikkje har eit trygt og godt skulemiljø. Tilsvarande gjeld tilfelle der ein elev seier frå om at han eller ho ikkje opplever skulemiljøet som trygt og godt.

Å ha ein mistanke vil seie å ha ei kjensle av eller tanke om at eleven ikkje har det trygt og godt på skulen. Saka avgjer kor raskt rektor må få varsel.

Rektor skal varsle skuleeigaren om alvorlege tilfelle. Dette kan gjelde saker der krenkingane er særleg valdelege eller integritetskrenkjande, eller der skulen over noko tid ikkje har klart å løyse ei sak. Rektor skal sikre at alle som jobbar på skulen veit at de skal varsle, og følgje opp at det blir gjort. De skal dokumentere det de gjer for å varsle.

Plikta til å undersøke alle saker

Dersom de får mistanke eller kjennskap til at ein elev ikkje har eit trygt og godt skulemiljø, skal de straks undersøke saka nærare.

Alle elevar som er involvert i saka, har rett til å uttale seg. De skal leggje til rette for og ufarleggjere samtalen. Elevane kan ha med seg foreldra eller andre som støtte, eller få dei til å uttale seg på sine vegner.

Undersøkingane skal få fram fakta om situasjonen, bakgrunnen for eleven sin oppleving og kva i eleven sine omgivnader som påverkar korleis eleven opplever skulemiljøet. De må innhente nok informasjon til å avdekkje kva som har skjedd, og om éin eller fleire elevar opplever at skulemiljøet ikkje er trygt og godt. De skal dokumentere korleis de undersøker saka. Rektor skal sikre at alle som jobbar på skulen veit at de skal undersøke, og følgje opp at det blir gjort.

Plikta til å setje inn eigna tiltak

Plikta til å setje inn tiltak gjeld uavhengig av kva som er årsaka til at eleven ikkje opplever skulemiljøet som trygt og godt.

De skal velje tiltak ut frå faglege vurderingar av kva som er eigna tiltak. Vurderingane skal basere seg på kunnskap, prinsipp og verdiar som er utvikla og anerkjende av kompetente fagmiljø. De må tilpasse tiltaka til saka og eleven sitt heilskaplege behov.

De må ta stilling til kva som er eleven sitt beste i saka. Dette gjeld også for andre elevar som er involvert i saka eller blir direkte påverka av tiltaka. Momenta i vurderinga kan vere eleven sitt syn på kva som bør vere innhaldet i aktivitetsplanen, eleven sin identitet og karaktertrekk og eigenskapar, familiemiljø og nære relasjonar, vern, omsorg og tryggleik, sårbarheit eller sårbare situasjonar, eleven sin rett til liv og utvikling, eleven sin fysiske og psykiske helse og eleven sin rett til utdanning. Det skal sterke omsyn til for at de kan setje eleven sitt beste til side. De må ta stilling til kor stor vekt eleven sitt beste skal ha.

Samla sett skal de gjennomføre dei tiltaka som det er rimeleg å vente av dykk i den enkelte saka. Rektor skal sikre at dette blir gjort.

På www.RefLex.udir.no finn ein meir informasjon om krava som gjeld skulens aktivitetsplikt.

2.1 Våre observasjonar, vurderingar og konklusjonar

Har alle som jobbar på skulen kunnskap om at det er eleven si subjektive oppleving som avgjer om eleven har eit trygt og godt skulemiljø?

Våre observasjonar

Vi undersøker om alle tilsette på skulen har eller får kunnskap om at det er elevens subjektive oppleving som avgjer om eleven har eit trygt og godt skulemiljø.

Rektor viser til skulen sin handlingsplan i eigenvurderinga. I handlingsplanen kjem det fram at eleven si oppleving av å ikkje ha eit trygt og godt skulemiljø alltid skal utløyse aktivitets- og tiltakspunkt. I intervju med rektor seier ho at dei har snakka om dette både i fellesøktar og i morgonmøte. Ho tenkjer at lærarane er bevisste om kva det tyder, at ein skal lytte til eleven og ta eleven på alvor.

På spørsmål i eigenvurderinga i RefLex om dei tek utgangspunkt i eleven si subjektive oppleving av situasjonen, svarar alle ja. Ei lærargruppe skriv i eigenvurderinga at dei høyrer på kva eleven seier i samtalar og observerer inne i timar og ute i friminutt. Dei tek det eleven fortel på alvor. Nokre av dei andre lærarane skriv at eleven har ei reell oppleving av krenking/mobbing i situasjonen. Ei anna lærargruppe svarar at dei må setja seg inn i eleven si subjektive oppleving av ein situasjon.

I intervju stilte vi spørsmål om kva som utløyser aktivitetsplikta. Her vart det mellom anna trekt fram av ei gruppe at dei var opptekne av det eleven føler. Ei anna gruppe trakk fram at det eleven seier er eleven si oppleving. Det blei vidare vist til at det er det subjektive som er utgangspunktet, og at dei alltid skal høyre på eleven.

Vår vurdering

Kravet er alle som jobbar på skulen har eller får kjennskap om at det er elevens subjektive oppleving som avgjer om eleven har eit trygt og godt skulemiljø.

Det går fram av handlingsplanen at det er elevane si subjektive oppleving som skal utløyse aktivitetsplikta. Lærarane trekk også fram dette i intervjuet. På bakgrunn av intervjuet og innsend dokumentasjon finn Fylkesmannen det sannsynleggjort at alle som jobbar på skulen har kunnskap om at det er eleven si subjektive oppleving som avgjer om eleven har eit trygt og godt skulemiljø. Fylkesmannen konkluderer med at krava i regelverket er oppfylt på dette punktet.

Sikrar rektor at alle som jobbar på skulen, følgjer med på om elevane har eit trygt og godt skulemiljø, og at de følgjer særskild godt med på elevane med ei særskild sårbarheit?

Våre observasjonar:

Om rektor sine føringar og personalet sin kompetanse

Vi undersøker om rektor gir alle som jobbar på skulen kompetanse til å kjenne att teikn på at ein elev ikkje har eit trygt og godt skulemiljø.

På spørsmål om det er klargjort for lærarar, assistentar og andre tilsette kva som er teikn på at ein elev ikkje har det trygt og godt, viser rektor til skulens handlingsplan. Ho fortel at alle tilsette har vore med på Inger Bergkastet si førelesing om systematisk arbeid for et trygt og godt skulemiljø. Rektor meiner at dei har brukt det dei lærte på kurset og at kunnskapen har festa seg hjå dei tilsette. Til dømes at dei skal vere flinke til å møte elevane i starten av timane. Dei har brukt tid på dette i etterkant. Dei har og gjennomført e-kurs og jobba individuelt, i gruppe og i plenum på fleira møtearena.

På spørsmål i eigenvurderinga om dei har fått kompetanse til å kjenne at teikn på at ein elev ikkje har det trygt og godt, svarar lærarane at dei har delteke på kursdagar og at det har vore tema fleire gonger. Det blir vist til at elevar kan reagere ulikt, både bli inneslutta og/eller utagerande. Lærargruppa for 1.-4. trinn seier dei ynskjer meir opplæring.

I intervju kjem det fram at lærarane har hatt både uformelle og formelle diskusjonar om korleis ein skal følgje med på om elevane har eit trygt og godt skulemiljø. Det har også vorte diskutert i team. Det kjem også fram at dei har hatt kurs med PPT, der temaet var elevane sin rett til eit trygt og godt skulemiljø. I tillegg har lærarane hatt mykje om relasjonsbygging, noko som har vore ein del av satsingsområde til skulen.

Om å følgje med på den enkelte elev

Vi undersøker om rektor syter for at alle som jobbar på skulen følgjer med på at den enkelte eleven har eit trygt og godt skulemiljø.

Av handlingsplanen går det fram at skulen har sett i verk ein del førebyggjande tiltak som skal vere med å sikre eit kontinuerleg og systematisk fokus på skulemiljø ved Hillestveit skule. Lærarar, assistentar og leiinga skal ha inspeksjon i friminutta, lærarane skal ha elev- og foreldresamtaler og elevar som fortel om krenkande ord og handlingar skal bli tekne på alvor. Videre går det fram av handlingsplanen at alle som arbeider på skulen skal følgje med på om elevane har eit trygt og godt skulemiljø. Rektor fortel i intervju at ho ikkje har ei fast oppskrift på korleis ein skal følgje med. Det blir litt opp til kvar lærer.

Når vi spør om det er noko spesielt lærarane følgjer med på, svarar ei lærargruppe at dei veit kven dei skal følgje med på og følgjer med på om nokon går aleine, låser seg inn på do og står mykje aleine. Lærargruppa fortel at dei ikkje har eit system for kva dei skal følgje med på, men rutinar for korleis dei skal følgje med, som faste elev- og foreldresamtalar. Det å følgje med er ofte eit tema på teammøte. Om dei er usikre, ber de kvarandre om å følgje ekstra godt med på elevane. Lærarane fortel vidare at dei snakkar om de sårbare elevane og at dei skal følgje godt med.

På spørsmål i eigenvurderinga om dei dokumenterer kva som blir gjort for å følgje med på om elevane har det trygt og godt, svarar ei lærargruppe at dette ikkje blir gjort systematisk for alle elevar, men for dei som har tiltak.

Om å følgje med på elevar med særskild sårbarheit

Vi undersøker om rektor følgjer opp at alle som jobbar på skulen følgjer spesielt godt med på elevar som kan være særskild sårbare.

Det er ikkje nemnt i handlingsplanen at dei tilsette på skulen må følgje spesielt godt med på elevar som kan vere særskild sårbare. I intervju med rektor kjem det fram at dei snakkar om kven dei sårbare barna er og blir einige om korleis ein skal følgje med på desse barna. Rektor fortel vidare at dei sårbare elevane gjerne har ein BTI knytt til seg. Men det blir også vist til at det ikkje berre gjeld elevar med enkeltvedtak.

På spørsmål om i kva grad det er klargjort for lærarar, assistentar og andre tilsette kva som gjer elevar sårbare, fortel rektor at dei har reflektert rundt dette i fleire samanhengar og at dei fleste seier at det er lett å tenkje på kva som gjer eit barn sårbart, til dømes at eleven held seg borte eller isolerer seg. På spørsmål om dette er ei felles forståing blant alle tilsette, svarar rektor at ho trur det. Rektor seier vidare at dei tilsette må setje seg grundig inn i handlingsplanen og til dømes elevmapper knytt til born med særskilde behov. Rektor seier og at ho i utgangspunktet tenkjer at dei tilsette har dette med seg i si utdanning, og at det sit litt i ryggrada. Dagleg blir det snakka om kva dei ser, om nokon går for seg sjølve, lett tek til tårene eller trekkjer seg unna. Sårbarheit kan vera endringar hjå barnet som kan vekke uro hjå oss, fortel rektor. Rektor viser til at handlingsplanen skal skildre dette og at alle tilsette skal vere kjent med den. Det blir også sett av tid til gjennomgang av handlingsplanen.

På spørsmål i eigenvurderinga om dei er kjende med kva tilhøve kring ein elev som kan gjere eleven særskild sårbar, svarar alle ja. Det blir mellom anna vist til at dei har klassemøter og at dei les elevane sine IOP-ar. Nokre av lærarane viser til at dei har mange års erfaring i yrket, og har god relasjon og kjennskap til elevane. I intervju kjem det fram at dei tilsette snakkar med rektor, dersom dei ser ein tendens eller noko endrar seg hjå elevane. Det kjem også fram at dei samtalar om desse borna på tema, og at dei ofte startar teammøta med å finne ut kva som rører seg på skulen. Lærarane fortel at teamleiar tek med seg eventuelle saker til rektor.

Om korleis skulen systematisk skaffar seg informasjon frå elevane om deira trivsel

Vi undersøker om rektor sikrar at skulen innhentar tilstrekkeleg informasjon frå elevane om korleis dei har det på skulen. Det er tilstrekkeleg å hente inn informasjon frå eit utval av elevane.

Av handlingsplanen går det fram at skulen jamleg skal gjennomføre elevsamtalar og foreldresamtalar. Vidare skal oppsummering av elev- og foreldresamtalane leverast til rektor. Funn skal bli undersøkt og følgd opp. Det går også fram at resultat av elevundersøkinga blir grunnlag for drøftingar/tiltak i personalet, elevrådet, FAU og skulemiljøutvalet.

På spørsmål om dei innhentar informasjon om korleis elevane generelt opplever skulemiljøet, svarar alle ja i eigenvurderinga. Det blir vist til at de gjennomfører elevsamtalar, utviklingsamtalar og elevundersøkinga. Rektor viser her til at elevrådet er ein viktig arena for å vurdere elevane si oppleving.

Kommunen si kommentar til førebels rapport

Rektor skriv i si tilbakemelding at det eksplisitt går fram av handlingsplanen at alle har plikt til å følgje med på at elevane har eit trygt og godt skulemiljø. Videre skriv rektor at det er lista opp kjenneteikn på barn og unge som kan vere utsatt for krenking eller mobbing. Rektor skriv og at skulen nyttar opplæringspakkar knytt til kapittel 9A og at desse kursa sikrar at ein kan vere trygg på at alle har tilstrekkeleg kunnskap om temaet.

Rektor fortel at kjenneteikn på sårbare elevar blir drøfta, men at det vil bli skriftleggjort og teke inn i handlingsplanen slik at rektor kan vere trygg på at alle som jobbar på skulen har tilgang til kunnskap og føresetnad til å følgje spesielt godt med på elevar som er særskild sårbare.

Vår vurdering

Kravet i regelverket er at rektor sikrar at alle som jobbar på skulen, følgjer med på om elevane har eit trygt og godt skulemiljø, og at de følgjer særskild godt med på elevar med ei særskild sårbarheit. For at rektor skal kunne sikre dette, må rektor ha bestemt ein fast framgangsmåte for korleis skulen skal oppfylle kravet. Det er ikkje eit krav at framgangsmåten er skriftleg, men den må vere egna til å sikre at kravet i lova blir oppfylt i alle saker på den aktuelle skulen. Rektor må i tillegg følgje opp at dei som jobbar på skulen, brukar framgangsmåten i praksis.

For at alle som jobbar på skulen skal kunne følgje med på om elevane har eit trygt og godt skulemiljø, må rektor ha gitt dei tilsette kompetanse til å kjenne at teikn på at ein elev ikkje har det trygt og godt. Vi finn at alle tilsette har delteke på kurs i regi av kommunen og skulen. Tilsette har på denne måten fått eit felles utgangspunkt når det gjeld å kjenne att teikn på at ein elev ikkje har eit trygt og godt skulemiljø. Vi legg til grunn utifrå tilbakemelding på førebels rapport at dei tilsette gjennomfører opplæringspakkane til kap. 9A, og at dette er skulen sin framgangsmåte for å sikre at alle tilsette har kompetanse til å kjenne igjen teikn på at ein elev ikkje har eit trygt og godt skulemiljø.

Rektor må vidare sikre at alle som jobbar på skulen, i praksis er merksame på forhold eller oppførsel som kan tyde på at ein elev ikkje har det bra.

I tilbakemeldinga viser rektor til at det går fram av handlingsplanen korleis dei skal følgje med, og at det er lista opp kjenneteikn på barn og unge som kan vere utsett for krenking eller mobbing. Ei skildring av kva dei tilsette skal følgje med på i handlingsplanen og korleis dei tilsette skal følgje med, kan bidra til å sikre at dei tilsette følgjer med i praksis.

Det er positivt at skulen i handlingsplanen lister opp kjenneteikn knytt til at elevar kan vere utsett for mobbing eller krenking. Plikta til å følgje med handlar likevel om meir enn mobbing og krenking. Når handlingsplanen er avgrensa til å gjelde kjenneteikn på mobbing eller krenking, er det vår vurdering at de ikkje i tilstrekkeleg grad har gjort dei tilsette kjent med kva dei skal følgje med på i handlingsplanen. Det går heller ikkje fram av handlingsplanen kva som er skulens framgangsmåte for å følgje med.

I intervju skildra dei tilsette ulike framgangsmåtar for å følgje med på om ein elev har det trygt og godt. Dei tek det mellom anna opp på teammøter og snakkar om det trinnvis. Det kjem også fram at dei har rutine på å ha samtalar med elevane.

Fylkesmannen meiner det kan vere hensiktsmessig å ta opp plikta til å følgje med i teammøter og andre fora. Men vi kan ikkje sjå utifrå dokumentasjon eller intervju at rektor har bestemt at dette er skulen sin framgangsmåte for å sikre at alle som jobbar på skulen i praksis er merksame på forhold eller oppførsel som kan tyde på at ein elev ikkje har det bra.

Ut frå den innsende dokumentasjon ser vi at skulen har skildra enkelte kjenneteikn på at elevar ikkje har det trygt og godt i handlingsplanen. Det går ikkje fram av handlingsplanen kva som er skulens framgangsmåte for å følgje med. Heller ikkje i intervju kjem det fram at skulen har ein felles praksis for korleis dei følgjer med. På bakgrunn av dette, finn vi at rektor ikkje sikrar at dei tilsette følgjer med i praksis.

Rektor må sikre for at alle som jobbar på skulen, følgjer særskild godt med på korleis elevar med ei særskild sårbarheit har det på skulen. For å kunne gjere det må ein vite kva som er kjenneteikn på sårbarheit. Fylkesmannen kan ikkje sjå at slike kjenneteikn er formidla til dei tilsette på ei systematisk måte. Det kan sjå ut som om skulen knyt sårbarheit opp mot enkeltelevar dei allereie har kjennskap til. Tilsette må vere kjende med kva forhold rundt ein elev som kan gjere eleven særskild sårbar, slik at dei tilsette kan følgje med på alle sårbare elvar, ikkje berre dei elevane dei allereie har kjennskap til frå tidlegare. Når rektor ikkje har klargjort kva forhold rundt ein elev som kan gjere eleven særskild sårbar, kan rektor heller ikkje syte for at alle som jobbar på skulen følgjer spesielt godt med på korleis elvar med ei særskild sårbarheit har det på skulen.

Fylkesmannen kan ikkje sjå at rektor har ein fast framgangsmåte for å sikre at alle som jobbar på skulen følgjer med på om elevane har eit trygt og godt skulemiljø og at dei følgjer spesielt godt med på elevar som kan vere særskild sårbare. Fylkesmannen konkluderer difor med at krava i regelverket ikkje er oppfylt på dette punktet.

Syter rektor for at alle som jobbar på skulen, grip inn mot krenkingar som til dømes utestenging, isolering, baksnakking, mobbing, vald, diskriminering og trakassering, dersom det er mogeleg?

Våre observasjonar:

Er alle kjende med korleis dei skal gripe inn, og grip alle inn?

Vi undersøker om rektor syter for at alle som jobbar på skulen, har kompetanse til å gripe inn mot krenkingar som for eksempel utestenging, isolering, baksnakking, mobbing, vald, diskriminering og trakassering. Vi undersøker og om rektor forsikra seg om at alle grip inn mot krenkingar, dersom det er mogleg i praksis.

Korleis ein skal gripe inn er eit tema i handlingsplanen. Det går blant anna fram at dei vaksne må gripa inn med ein gong krenkande åtferd blir oppdaga. Kva som er krenkande åtferd er definert i planen. I handlingsplanen finn vi og definisjonar på krenkande ord og handlingar, og det går tydeleg fram kva mobbing, utestenging, vald, rasisme og diskriminering er.

Alle som svara på eigenvurderinga er kjende med plikta til å gripe inn. Det blir vist til at rektor snakkar om dette på fellesmøte. Dei tilsette viser også til handlingsplanen og at dette er sterkt framheva på infoskjermen på skulen. På spørsmål om alle som jobbar på skulen alltid grip inn mot krenkingar svarar dei at dei gjer det, dersom det er mogeleg og at dei veit om krenkinga. Dei tilsette viser også her til handlingsplanen. I intervju svarar nokre av dei tilsette at dei er klar over at dei skal gripe inn, men at dei har inga fast oppskrift på dette. Ei anna av gruppene vi intervjuar svara at dei hadde hatt litt om dette i fellesskap, men at dei ikkje har ei liste der det står kva det skal følgjast med på og korleis dei skal gripe inn.

Dokumenter skulen kva de har gjort for å følgje opp plikta til å gripe inn i enkeltsaker?

Vi undersøker om skulen dokumenterer kva de gjer for å oppfylle plikta til å gripe inn mot krenkingar.

I handlingsplanen står det at skulen skal dokumentere kva som blir gjort for å oppfylle aktivitetsplikta. I eigenvurderinga blir det stilt spørsmål om ein dokumenterer situasjonar der ein som jobbar på skulen grip inn mot krenkingar. To av intervjugruppene svarar nei. Det kjem fram at nokre noterer frå telefonsamtalar, men at det ikkje er føringar for lagring av dokumentasjon.

Vår vurdering:

Kravet er at rektor syter for at alle som jobbar på skulen, grip inn mot krenkingar som til dømes utestenging, isolering, baksnakking, mobbing, vald, diskriminering og trakassering, dersom det er mogeleg. Her er det ikkje krav om at rektor har ein fast framgangsmåte, men jobbar systematisk for å oppfylle plikta.

Plikta til å gripe inn handlar ofte om å stanse negativ oppførsel direkte, til dømes ved å bryte opp ein slåsskamp eller stanse anna fysisk krenking, stanse ein utfrysingssituasjon eller stanse og irettesetje elevar som krenkjer andre elevar verbalt. De må gjere det som er rimeleg å forvente av dykk i ein slik situasjon. Rektor må følgje opp at alle dei tilsette grip inn.

Det går fram av handlingsplanen at dei tilsette skal gripe inn mot krenkande åtferd og kva som kjenneteiknar ei slik åtferd. I spørsmål i RefLex og i intervjuar kjem det fram at de har snakka litt om plikta til å gripe inn, men at de ikkje har klare føringar for kva det skal gripast inn imot og korleis det skal gjerast. Fylkesmannen finn det sannsynleg at alle tilsette på skulen veit at dei skal gripe inn. Vi finn det også sannsynleg at dei grip inn når dei oppdagar krenkande åtferd. Men for å kunne gripe inn må dei tilsette ha kompetanse til å kunne oppdage ei krenking og kompetanse til å vite korleis ein bør gripe inn. Ut i frå dokumentasjon og intervju kan vi ikkje sjå at rektor jobbar systematisk for at alle tilsette har denne kompetansen.

Fylkesmannen kan heller ikkje sjå at rektor syter for at skulen dokumenterer kva skulen gjer for å oppfylle plikta til å gripe inn mot krenkingar. Det står i handlingsplanen at skulen skal dokumentere kva som blir gjort for å oppfylle aktivitetsplikta. Det kjem ikkje fram kva som skal dokumenterast eller korleis det skal gjerast. Dette samsvarar med det lærarane og rektor svarar i eigenvurderinga.

Samla sett finn vi at rektor ikkje syter for at alle som jobbar på skulen, grip inn mot krenkingar som til dømes utestenging, isolering, baksnakking, mobbing, vald, diskriminering og trakassering,

dersom det er mogeleg. Vi finn heller ikkje at rektor har sørga for å dokumentere kva de har gjort for å gripe inn i enkeltsaker. Fylkesmannen konkluderer med at krava i regelverket ikkje er oppfylt på dette punktet.

Sikrar rektor at alle som jobbar på skulen, varslar rektor dersom de får mistanke om eller kjennskap til at en elev ikkje har et trygt og godt skulemiljø?

Våre observasjonar:

Vi undersøker om rektor har bestemt ein framgangsmåte som sikrar at alle som jobbar på skulen, varslar rektor dersom dei får mistanke om eller kjennskap til at en elev ikkje har et trygt og godt skulemiljø. Vi undersøker og om rektor følgjer opp at dei som jobbar på skulen, nyttar framgangsmåten i praksis.

I handlingsplanen står det at dersom ein tilsett får mistanke eller kjennskap til at ein elev ikkje har det trygt og godt på skulen, skal rektor varslast straks. I intervju med rektor stilte vi spørsmål om skulen hadde føringar for kva det skal varslast om. Rektor svarte at ho veit ho alltid får beskjed om alvorlege tilfelle, og at det er låg terskel for å melde frå. Det er mange «småting» som kjem til rektor, fortel ho. Rektor tenkjer dei tilsette fort melder frå når dei er bekymra.

Rektor viser til at framgangsmåten for varsling er skildra i handlingsplanen. Det finns ein moglegheit for å trykke på skulemiljøknappen på skulen si nettside, dette er kommunen sitt varslingssystem forklarar rektor. Varselet går direkte til skuleeigar, men rektor kan sjå det. Rektor har brukt knappen sjølv. Rektor seier vidare at ho tenkjer det er litt høg terskel for å bruke skulemiljøknappen. Ho trur det kan vera lurt at skulemiljøknappen blir brukt litt oftare, og at terskelen skal være lågare for å bruke denne.

I intervju spurte vi rektor om korleis ho ville ha fanga opp dersom dei tilsette ikkje hadde varsla. Rektor seier at ho har plikt til å følgje med og at ho etterspør. Ved å spørje etter og vere tett på, trur ho ikkje nokon vil la vere å melde frå.

På spørsmål i eigenvurderinga om dei tilsette varslar rektor dersom dei får mistanke eller kjennskap til at ein elev ikkje har eit trygt og godt skulemiljø, svarar alle ja. Dei seier at dette skjer anten til teamleiar eller rektor. I intervju fortel ei lærargruppe at dei varslar ved å gå til rektor. Dei viser til at dei er ein liten skule og at det er enkelt for dei å snakke med rektor. Lærarane fortel at det har skjedd at dei har trykka på skulemiljøknappen, men at det ofte er mykje samtalar før ein trykker på knappen. Dei ser meir på dette som ein sikkerheitsknapp.

Ei anna lærargruppe fortel at dei blir informerte om at dei kan trykke på skulemiljøknappen på møte, men at knappen mest er for elevar og foreldre. Gruppa meiner det kan gå fortare dersom ein varslar rektor, men at det ikkje er to ulike framgangsmåtar. Dersom ein brukar skulemiljøknappen er det berre meir formelt, forklarar dei.

På spørsmål i eigenvurderinga om skulen dokumenterer tilfelle der ein som jobbar på skulen varslar rektor, svarar fleire av gruppene nei. Nokre svarar at dei ikkje alltid dokumenterer det det blir varsla om, men at det kjem an på graden av alvorlet i hendinga. Nokre svarar at rektor tek notat, medan rektor svarar at varslar dokumenterer, og at ho noterer kring det som det er varsla

om. Rektor kunne ikkje legge fram døme på dokumentasjon der det blir varsla ved mistanke. I intervju svarar ei lærargruppe at dei dokumenterer ved å notere litt for seg sjølv, men at det ikkje er noko system for dette. Det kan vere litt ulikt som blir notert, nokre notat blir lagt i elevmappa. Lærargruppa fortel at ein ikkje har noko system som gjer at ein gjer dette likt.

Kommunen si kommentar til førebels rapport

Rektor skriv i si tilbakemelding at framgangsmåten for varsling vil bli konkretisert og klargjort i handlingsplanen. Rektor vil og konkretisere korleis ho vil følge opp at framgangsmåten blir brukt i praksis. Ho skriv vidare: «Vi vil understreke at det er to måtar å varsle på, men framover vil me i sterkare grad nytte skulemiljøknappen <https://1310.no> for å sikre at alvorlege saker straks vert teke tak i. Det er feil slik det kjem fram i rapporten at lærarane anten varslar til rektor eller gjennom skulemiljøknappen. Dersom det har blitt varsla gjennom sistnemnde har rektor vore orientert om dette på førehand. For at rektor skal kunne vere trygg for at alle saker vert varsla så raskt som saka tilseie vil saker som skal varslast om, og framgangsmåten bli konkretisert og klargjort i handlingsplanen. Korleis rektor følgjer opp vil òg bli presisert i planen».

Vår vurdering:

Kravet er at rektor må ha bestemt ein framgangsmåte som sikrar at alle som jobbar på skulen, varslar rektor dersom dei får mistanke om eller kjennskap til at ein elev ikkje har eit trygt og godt skulemiljø. Vi finn at skulen har fleire varslingsmåtar. Det går ikkje klart fram kva som er den bestemte framgangsmåten. Lærarane varslar anten direkte til rektor eller via skulemiljøknappen som går til kommunen. Dette kan medføre at det blir opp til kvar enkelt tilsett korleis dei meiner dei bør varsle ei sak.

I handlingsplanen går det fram at tilsette skal varsle straks, dersom nokon får mistanke eller kjennskap til at ein elev ikkje har det trygt og godt på skulen. Det står ikkje noko i handlingsplanen om korleis det skal varslast eller om korleis eit eventuelt varsel blir dokumentert.

Vi kan ikkje sjå at det er klargjort frå rektor si side, verken gjennom handlingsplanen eller elles, kva dei tilsette skal varsle om. Likevel merkar vi oss at både rektor og tilsette viser til at det er låg terskel for å varsle rektor og at dei er ein liten skule der det er god kontakt mellom dei tilsette. Dette gjer det enkelt å kontakte rektor om stort og smått.

Det blir uklart for oss kva som er skulen sin framgangsmåte for å varsle. Det kan sjå ut som at skulen har to system for varsling, der det eine systemet legg opp til at ein skal kontakte rektor direkte, medan den andre metoden er å trykke på skulemiljøknappen. Rektor klargjer i tilbakemeldinga at lærarane alltid varslar rektor, også i dei tilfella det er trykka på skulemiljøknappen. Ho skriv vidare at framgangsmåten vil bli konkretisert og klargjort i handlingsplanen. Korleis rektor følgjer opp vil òg bli presisert i planen.

Vi har i intervju fått litt ulike svar på når knappen skal brukast og kven som skal bruke knappen. Dette gjer til at vi ikkje finn at skulen har ein fast praksis for korleis dei skal varsle om at ein elev ikkje har eit trygt og godt skulemiljø. Vi kan heller ikkje sjå at rektor følgjer opp at dei som jobbar på skulen, brukar framgangsmåten i praksis.

Dei som jobbar på skulen skal gi eleven beskjed om at dei kjem til å varsle rektor om saka, med mindre dette hindrar at dei kan varsle raskt nok. Vi ser at dei fleste svarar at skulen snakkar med eleven før dei varslar rektor. Vi har også sett at skulen gjennomgåande er oppteken av elevmedverknad, gjennom samtalar med eleven i fleire fasar. Vi finn difor at skulen har ein fast praksis for å snakke med eleven før dei varslar rektor.

Skulen må også dokumentere kva dei gjer for å oppfylle plikta til å varsle rektor. Det skal dokumenterast kva som blir gjort i kvar enkelt sak. Det er ikkje tilstrekkeleg å vise til rutinar eller planar for korleis aktivitetsplikta blir oppfylt. Det blir svara litt ulikt på spørsmålet om skulen dokumenterer kva dei gjer for å oppfylle plikta til å varsle rektor. Nokre svarar at det er rektor som dokumenterer. Rektor fortel at ho noterer litt i ei bok dersom det blir varsla om at ein elev ikkje har det trygt og godt. Vi har ikkje fått tilsendt eksempel på dokumentasjon av varsel. Ettersom skulen ikkje gjer uttrykk for at dei har ein fast praksis for å dokumentere kva dei gjer for å oppfylle plikta til å varsle rektor, finn vi at krava i regelverket ikkje er oppfylt på dette punktet.

Samla sett finn Fylkesmannen det sannsynleg at rektor blir varsla ved mistanke eller kjennskap om at ein elev ikkje har eit trygt og godt skulemiljø. Men Fylkesmannen finn ingen fast framgangsmåte for varslinga. Særleg er det problematisk at det ikkje er klargjort kva det skal varslast om. Fylkesmannen konkluderer med at krava i regelverket ikkje er oppfylt på dette punktet.

Sikrar rektor at alle som jobbar på skulen, varslar rektor så raskt som saka tilseier?

Våre observasjonar:

Vi undersøker om skulen sin framgangsmåte for varsling bestemmer kva for saker dei tilsette på skulen skal varsle om straks, og kor raskt dei skal varsle om andre saker. Vi undersøker og om rektor følgjer opp at dei som jobbar på skulen varslar så raskt som saka tilseier i praksis.

I handlingsplanen står det at dersom ein tilsett får mistanke eller kjennskap til at ein elev ikkje har det trygt og godt på skulen, skal rektor varslast straks. I eigenvurderinga blir det stilt spørsmål om rektor har avklart kva for saker det skal varslast om straks, og kor raskt de skal varsle om andre saker. To av gruppene svarar nei på dette spørsmålet.

På spørsmål om dei skil mellom alvorlege saker som må varslast med ein gong og mindre alvorlege saker som ein kan vente litt med å varsle om, svarar ei lærargruppe i intervju at dei nyttar skjønn. Ei lærargruppe svarar at rektor har sagt at ho vil vite om små og store saker, og at ein heller varslar ein gong for mykje, enn ein gong for lite. På spørsmål om rektor følgjer opp at alle som jobbar på skulen, varslar rektor så raskt som saka tilseier i praksis, svarar alle ja.

Kommunen si kommentar til førebels rapport

Rektor skriv i tilbakemeldinga si at det på s. 10 i handlingsplanen er konkret uttrykt at dersom ein tilsett får mistanke eller kjennskap til at ein elev ikkje har det trygt og godt på skulen, skal ein straks melde frå til rektor. Praksisen på skulen er at ein melder frå same dag. For å sikre at alle tilsette skal ha tilstrekkeleg kunnskap og kompetanse nyttar skulen også opplæringspakkane knytt til kapittel 9A - <https://www.veilederen.no/Veilederen/Skole/> Når alle tilsette gjennomfører desse kursa kan rektor vere trygg på at alle har tilstrekkeleg kunnskap om tema.

Vår vurdering

Kravet er at rektor har ein bestemt framgangsmåte for å sikre at alle som jobbar på skulen varslar rektor så raskt som saka tilseier. Skulen sin framgangsmåte for varsling må bestemme kva for saker dei som jobbar på skulen skal varsle om straks, og kor raskt dei skal varsle om andre saker til rektor. Rektor må følgje opp at alle som jobbar i skulen følgjer framgangsmåten for varsling i praksis.

Det går fram av handlingsplanen at rektor skal varslast raskt dersom ein tilsett får mistanke eller kjennskap til at ein elev ikkje har det trygt og godt på skulen. Rektor klargjer i si tilbakemelding at praksisen på skulen er at ein melder frå same dag. Det kjem ikkje fram kva saker det skal varslast om raskt, og kva saker det kan ventast med å varsle om. Lærarane fortel at dei nyttar skjønn for å vurdere dette, og fortel at dei har låg terskel for å varsle. Vi legg til grunn at de har låg terskel for å prate med rektor om stort og smått, og at de på den måten varslar til rektor. Likevel kan vi ikkje sjå at skulen har klargjort kva saker som skal varslast om, slik at det blir opp til ein kvar tilsett å vurdere om og når det skal varslast. På bakgrunn av dette finn vi at skulen ikkje har ein framgangsmåte for varsling som bestemmer kva for saker dei som jobbar på skulen skal varsle om straks, og kor raskt dei skal varsle om andre saker til rektor.

Vi må også undersøke om rektor følgjer opp at dei som jobbar på skulen, nyttar framgangsmåten i praksis. Vi finn at rektor ikkje har bestemt ein framgangsmåte som sikrar at alle som jobbar på skulen, varslar rektor så raskt som saka tilseie. Fordi framgangsmåten i dag ikkje er klar, kan rektor heller ikkje følgje opp at tilsette følgjer framgangsmåten i praksis. Fylkesmannen konkluderer med at krava i regelverket ikkje er oppfylt på dette punktet.

Varslar rektor skuleeigaren om alvorlege tilfelle?

Våre observasjonar

Vi undersøker om rektor varslar skuleeigaren om alvorlege tilfelle, inkludert tilfelle der skulen over tid ikkje har klart å løyse ein sak.

I handlingsplanen står det at dersom ein tilsett får mistanke eller kjennskap til at ein elev ikkje har det trygt og godt på skulen, skal rektor ved alvorlege tilfelle varsla skuleeigar.

På spørsmål i intervju om skulen har føringar for kva det skal varslast om, svarar rektor at ho i alvorlege tilfelle tek tak i saka med ein gong. Ho kontaktar heimen og prøver å opplyse saka breitt. Skuleeigar blir informert om alvorlege tilfelle. Rektor tenkjer terskelen for å melde frå til skuleeigar ikkje bør vere låg. Ho melder ikkje frå om småting, men dersom det til dømes har vart over tid, blir skuleeigar varsla. Rektor legg til at det er greitt å få opplyst vanskelege saker frå ein anna synsvinkel.

Vår vurdering:

Kravet er at rektor varslar skuleeigaren om alvorlege tilfelle, inkludert tilfelle der skulen over noko tid ikkje har klart å løyse ei sak.

Det går fram av handlingsplanen at rektor skal varsle skuleeigar ved alvorlege tilfelle. Det går også fram av intervju at rektor har teke opp saker med skuleeigar. Kva som er eit alvorleg tilfelle er ei skjønsmessig vurdering. Fylkesmannen finn det sannsynleggjort at rektor varslar skuleeigar i alvorlege tilfelle. Fylkesmannen konkluderer med at krava i regelverket er oppfylt på dette punktet.

Sikrar rektor at skulen undersøker saka når skulen har mistanke om eller kjennskap til at ein elev ikkje har et trygt og godt skulemiljø?

Våre observasjonar:

Vi undersøker om rektor har bestemt ein framgangsmåte som sikrar at skulen undersøker sakene tilstrekkeleg grundig. Vi undersøker også om rektor følgjer opp at dei som jobbar på skulen brukar framgangsmåten i praksis.

Rektor sine føringar for å undersøke

I handlingsplanen står det at dersom ein tilsett får mistanke eller kjennskap til at ein elev ikkje har det trygt og godt på skulen, skal saka straks undersøkast.

I intervjuet stilte vi spørsmål om skulen har ein framgangsmåte for å undersøke. Rektor svara: «Ja, det tenkjer eg at vi har». Ho fortel vidare at dei snakkar med eleven med ein gong for å sikre at elevstemma kjem fram. Dei tek kontakt med foreldra og andre aktuelle, til dømes helsesjukepleiar og PPT. Vi stilte vidare rektor spørsmål om de har ein felles framgangsmåte for å undersøke. Rektor svarar at ho tenkjer det og at det står skildra i handlingsplanen. Skulen gjennomfører anonyme spørjeundersøkingar og har brukt Spekter. Dei snakkar om utfordringane i teama for å sjå kva ein kan gjere.

Vi stilte vidare spørsmål om kven som undersøker. Rektor svarar at kontaktlærar som oftast kjem til ho, og at dei blir einige om kva dei skal gjere seinare. Ho fortel at kontaktlærar stort sett har skrive ned litt, og at rektor får dette i hende. Det er kontaktlærar i klassen som dokumenterer at det blir undersøkt.

I eigenvurderinga i RefLex og i intervju blir det stilt spørsmål om saker alltid blir undersøkt ved mistanke. Alle svarar ja på dette spørsmålet. Nokon av lærarane nytta skulemiljøknappen. Der var det rutinar for kven som skulle undersøke, kva læraren skulle gjera og kva rektor skulle gjera. Dei fortel vidare at det ikkje er skrive ned nokon annan stad.

På spørsmål til lærarane om korleis dei undersøker, svarar dei at dei tek elevane til sides og spør om korleis dei opplevde hendinga og korleis dei har det. Lærarane fortel vidare at dersom ein ser at elevane si åtferd endrar seg, undersøker ein litt før ein går til rektor. Er det alvorlege saker går ein til rektor. Det er noko ein kjenner litt på, og ikkje noko som er bestemt av rektor. Dei kan og be ein kollega være med å observere. Nokre av lærarane har også nytta eit sosiogram eller kanskje teke kontakt med heimen. På spørsmål om skulen har ei rutine, svara lærargruppa at dei ikkje har det, men at dei gjer det dei tenkjer er lurt.

I aktivitetsplanane finn vi døme på at skulen har hatt samtale med involverte elevar og at eleven si subjektive oppleving går fram av saka. Nokre av tiltaka er utforma slik at dei i realiteten er

undersøkingar. Vi finn også døme på at det under punktet undersøke står litt meir generelt om korleis det skal undersøkast. Dei nyaste aktivitetsplanane er sett i gong kort tid etter at det har komme fram at eleven ikkje har det trygt og godt, og vi finn døme på at aktivitetsplanen er sett i gong før det er undersøkt.

Om å undersøke saka tilstrekkeleg grundig og å høyre elevane

Handlingsplanen seier ingen ting om å opplyse saka tilstrekkeleg grundig. Dei siste aktivitetsplanane har med eit punkt der det skal skildrast korleis dei har undersøkt saka. I den eine aktivitetsplanen kjem det fram generell informasjon om det å undersøke, medan det i den andre kjem fram at det har vore gjennomført samtale med eleven.

Rektor seier i intervju at eleven si subjektive oppleving av situasjonen må komma fram av undersøkingane. Ho seier vidare at dei må gå breitt ut for å opplyse saka, og at det er viktig at dei lyttar til eleven for å finne ut kva som skal til for at det blir bra.

I RefLex blir det stilt spørsmål om undersøkinga får fram situasjonen, bakgrunnen for eleven si oppleving og kva i eleven sine omgjevnader som påverkar korleis eleven opplever skulemiljøet og at eleven opplever at skulemiljøet ikkje er trygt og godt. På dette svarar alle ja. Nokre av dei seier at dei snakkar med elevane åleine og får opplyst saka. Ei av dei andre gruppene seier dei etterstrebar å få fram alle fakta, men at dei kan aldri vere heilt sikre.

Reflex stiller også spørsmål om involverte elevar alltid blir høyrde når de undersøker ei sak, også her svarar alle ja. Rektor skriv at dei sjølvstøtt høyrte involverte elevar. Team for 5. -7. trinn svarar at det blir prioritert å ta tak i situasjonar som har oppstått. De snakkar med elevane enkeltvis og fleire involverte elevar for å høyra deira oppleving av situasjonen. De kan bruka sosiallærer både til å ha samtale eller til å ta over resten av klassen medan kontaktlærer snakkar med dei involverte. Rektor og den einskilde lærar har også hatt samtalar med føresette til involverte elevar.

Om dokumentering av undersøkingane

Det er eit krav at undersøkingane skal dokumenterast. Vi kan ikkje sjå at det går fram av handlingsplanen at undersøkingane skal dokumenterast.

På spørsmål i intervju om korleis dei dokumenterer undersøkingane, svarar rektor at det er kontaktlærer i klassen som dokumenterer. Sjølv dokumentasjonen sit ofte hos læraren. Dersom dei finn noko, blir det lagt i elevmappa, fortel rektor. Kontaktlærer er talspersonen inn mot rektor og har kontakt med foreldre. Rektor fortel at dei også knyt på sosiallærer i nokre saker. På spørsmål om det er ei fast rutine at det blir lagt i elevmappa, svarar rektor at det ikkje er skrive ned, men at det blir det. Ho seier vidare at ho kjenner forholda, sidan skulen er så liten. På den måten kan ho vere sikker på at det er gjort.

På spørsmål om dei dokumenterer korleis dei undersøker saker, svarar nokre lærarar ja og nokre nei. Assistentane svarar at dei ikkje dokumenterer, men at dei går til klasselærer med saka. Team 5.-7. seiar at dei dokumenterer når dei trykker på skulemiljøknappen. Dei skriv vidare at det er opp til kvar og ein å skrive ned og oppbevare notatet, og at dette blir praktisert ulikt. 1.-4. trinn skriv at dei gjer det til ein viss grad, men at dei ikkje har gode nok rutinar for dette.

Vår vurdering:

Kravet er at rektor har bestemt ein framgangsmåte som sikrar at skulen undersøker sakene tilstrekkeleg grundig. Rektor må og følgje opp at dei tilsette på skulen, brukar framgangsmåten i praksis.

I handlingsplanen står det at ein skal undersøke saka og sette inn tiltak, dersom ein ser at eleven ikkje har det trygt og godt. Det går ikkje fram korleis undersøkingane skal gjerast.

Fylkesmannen finn det sannsynleg at skulen i praksis undersøker alle saker. Men det er uråd for Fylkesmannen å få klart for seg kva som er skulen sin framgangsmåte for å sikre at dette blir gjort. Våre undersøkingar viser at det er opp til kontaktlærar å undersøke litt, før saka blir meldt til rektor. Vi kan ikkje sjå at denne framgangsmåten går fram av skulen sine rutinar eller at dette er skulen sin felles framgangsmåte. I skulen sin handlingsplan blir det uklart om saka skal undersøkast før dei set inn tiltak.

Det er ikkje nok at skulen undersøker alle saker. Rektor må ha ein bestemt framgangsmåte for å sikre at sakene er undersøkt tilstrekkeleg grundig. Ho må og følgje opp at skulen undersøker alle saker i tråd med framgangsmåten. Undersøkingane skal klarlegge elevane si subjektive oppleving og få fram fakta om situasjonen og faktorar i skule- og klasse miljøet som kan bidra til at eleven ikkje har det trygt og godt.

Av den innsendte dokumentasjonen kan vi ikkje sjå at rektor har gitt føringar for korleis ein skal undersøke ein sak. Dette kan gjere til at det blir opp til den einskilde å avgjere korleis ein skal undersøke saka, og kan lede til at saker blir handsama ulikt. I intervju med lærarane går det fram at dei ikkje har ei rutine for å undersøke, men gjer det som dei tenkjer er lurt i enkeltsaker.

Det går ikkje fram av dei innsendte aktivitetsplanane kva undersøkingar som ligg til grunn for tiltaka, utover samtale med eleven og/eller dei føresette. Fleire av tiltaka ber òg preg av å vere generelt utforma og lite konkretiserte, noko som kan tyde på at undersøkingane ikkje har blir tilstrekkeleg grundige. Det er vidare vanskeleg å skilje mellom tiltak som er iverksett på bakgrunn av undersøkingar, og tiltak som i realiteten er undersøkingar og som skal ligge til grunn for seinare tiltak. Dette gjer til at det blir uklart om det har vorte gjennomført tilstrekkeleg grundige undersøkingar før det blir sett i verk tiltak.

Det kan sjå ut til at det er samtale med elevar eller føresette som i dei fleste tilfella ligg til grunn for dei tiltaka som blir iverksett. Samtale med elevane vil kunne vere eigna til å klarlegge elevanes subjektive oppleving. Slike samtalar vil derimot ikkje alltid vere tilstrekkelege til å klarlegge fakta om situasjonen og få fram faktorar i skule- og klasse miljøet som bidreg til at eleven ikkje opplever å ha det trygt og godt. Dei generelle tiltaka som ikkje er konkretiserte, gir uttrykk for at skulen ikkje gjer grundige og gode undersøkingar av sakene.

Skulen sin framgangsmåte må sikre at elevar som er involvert i saka, får uttale seg. Av den innsende dokumentasjonen går det ikkje fram om skulen har ein framgangsmåte for kva informasjon skulen gir elevane for at dei skal kunne ta stilling til om dei vil uttale seg, eller korleis dei syter for at samtala blir tilpassa og tilrettelagt. Vi ser likevel at skulen legg stor vekt på elevens subjektive oppleving i ei sak, og at dei er opptekne av å høyre elevane. Vi legg difor til grunn at

samtalane blir tilrettelagt og tilpassa elevens mognadsnivå, og at eleven får nødvendig informasjon til å ta stilling til om dei vil uttale seg i ei sak.

Skulen må også dokumentere kva dei gjer for å undersøke saker i kvar enkelt sak. Ut ifrå eigenvurderingane i RefLex ser vi at skulen har varierte måtar for å dokumentere undersøkingane. Ei rutine for korleis dette skal gjerast, er ikkje klargjort.

Samla sett finn Fylkesmannen at rektor ikkje har ein fast framgangsmåte for å sikre at skulen undersøker alle saker tilstrekkeleg grundig. Vi finn det heller ikkje sannsynleggjort at skulen dokumenterer kva dei gjer for å undersøke i saker. Fylkesmannen konkluderer med at krava i regelverket ikkje er oppfylt på dette punktet.

Sikrar rektor at skulen undersøker saka snarast?

Våre observasjonar:

Vi undersøker om framgangsmåten sikrar at skulen undersøker saka snarast.

I handlingsplanen står det at saka skal straks undersøkast, men det går ikkje fram kor raskt ein skal undersøke. Ei lærargruppe fortel i intervju at dei raskare kan ta tak i saka om dei varslar rektor direkte, enn om dei nyttar skulemiljøknappen.

I eigenvurderinga blir det stilt spørsmål om de alltid undersøker saka snarast. Alle gruppene svarar ja på dette spørsmålet. Det er brei forståing for at det er naudsynt å undersøke raskt.

Kommunen si kommentar til førebels rapport

Praksis er at undersøkingane startar straks, og skulens framgangsmåte er som skissert i <https://www.1310.no/skoleveven/index.php?module=qs>

Kommunen har sendt inn skjermdump av denne framgangsmåten. Av desse skjermdumpane ser vi at skulen har eit skjema for innmelding av skulemiljøsak, og eit skjema for utforming av aktivitetsplan.

Vår vurdering:

Rektor må ha bestemt ein framgangsmåte som sikrar at de undersøker saka snarast. Rektor må også følgje opp at dei som jobbar på skulen, nyttar framgangsmåten i praksis, med mindre rektor sjølv undersøker sakene.

Vi kan ikkje sjå at det i handlingsplanen er gitt føringar for kor raskt ein skal undersøke saker. Rektor viser til at det er små forhold og at ho på den måten kan vere sikker på at det blir gjort. Vi finn utifrå intervju med lærarane og rektor at dei ikkje har ein framgangsmåte som sikrar at skulen undersøker saka snarast. Fylkesmannen er einig i at skulen sin størrelse kan ha noko å seie for kva framgangsmåte som er nødvendig å ha. Likevel ser vi her at skulen ikkje har ei skriftleg rutine eller ein anna bestemt framgangsmåte for korleis dei skal sikre at dei undersøker saka snarast. Vi har tidlegare vist til at skulen har ulike system for å varsle om mistanke eller kjennskap til at ein elev ikkje har det trygt og godt, og at lærarane viser til at det kan ta lenger tid før dei tar tak i saka om ein nyttar skulemiljøknappen. Vi kan ikkje sjå utifrå rektors si

tilbakemelding til førebels rapport at 1310 programmet gir uttrykk for ein bestemt framgangsmåte for å undersøkje saker snarast.

Fylkesmannen finn at rektor ikkje har bestemt ein framgangsmåte for å undersøke saka snarast når ein som jobbar ved skulen, eller ein elev seier frå om at skulemiljøet ikkje er trygt og godt. Fylkesmannen konkluderer med at krava i regelverket ikkje er oppfylt på dette punktet.

Sikrar rektor at involverte elevar får uttale seg om kva som skal være innhaldet i aktivitetsplanen?

Våre observasjonar

Vi undersøker om rektor har bestemt ein framgangsmåte som sikrar at eleven som tiltaka rettar seg mot, får uttale seg om innhaldet i aktivitetsplanen. Dersom eit eller fleire tiltak påverkar andre elevar, har også desse rett til å uttale seg om korleis tiltaket påverkar dei.

I handlingsplanen står det at skulen må sikre at elevane si subjektive oppleving kjem fram, og at eventuelle tiltak blir sett i gong så raskt som mogeleg. I malen for aktivitetsplan står det at skulen skal setje i verk eigna tiltak og ha samtalar med elevar og føresette.

På spørsmål i eigenvurderinga i RefLex om eleven alltid får uttale seg i saka, svarar alle ja. Nokre skriv at det kjem an på alderen kor stor medbestemmelse dei kan ha. Ei gruppe svarar at dei har møte med elevar og foreldre og det i dette møtet kjem det forslag til tiltak frå elevar og føresette.

På spørsmål i intervju om elevane får uttale seg om aktivitetsplanen, svarar ei av lærargruppene at dei ikkje har ei fast oppskrift på det. Når ein presenterer det for eleven, har ein allereie laga ein plan. Ei gruppe fortel at dei kanskje ikkje tek elevane nok med når det skal bestemmast kva som skal stå i planen. Vi spør om dei synest planen verkar grei. Lærarane svarar at dei tenkjer at det har litt med alder å gjere.

Aktivitetsplanane vi har fått frå skulen er ifrå 2017 – 2019. Vi har ingen aktivitetsplanar av nyare dato. I nokre av planane finn vi at elevane har vore med å utforma tiltaka. I den siste aktivitetsplanen står det at tiltak vil bli sett i verk snarast, med bakgrunn i undersøkingar og det eleven fortel.

Vår vurdering

Rektor må ha bestemt ein framgangsmåte som sikrar at eleven som tiltaka skal retta seg mot, får uttale seg om kva som skal være innhaldet i aktivitetsplanen. Dersom eit eller fleire tiltak direkte påverkar andre elevar, så har også disse elevane rett til å uttale om korleis tiltaket påverkar dei. Rektor må og følge opp at dei som jobbar på skulen, brukar framgangsmåten i praksis.

Det går fram av handlingsplanen og av malen i aktivitetsplanane at skulen snakkar med elevane det gjeld og eventuelle involverte partar i saka. Det går derimot ikkje fram om dette er i samband med dei tiltaka som skal setjast inn. I intervju med lærarane finn vi og at det er ulik praksis for å høyre elevar i samband med at dei set i verk tiltak. Nokre av lærarane fortel at dei høyrer elevane etter dei har utforma tiltaka. Andre at dei utarbeider tiltak i fellesskap med elevar og føresette medan, nokre fortel at det kjem an på alderen til eleven og kor mykje dei kan vere med på å bestemme.

Det kjem også fram i intervjuet at rektor ikkje har ein bestemt framgangsmåte for korleis elevane skal få uttale seg. Ettersom rektor ikkje har ein bestemt framgangsmåte, kan ho heller ikkje sikre at dei tilsette følgjer opp denne framgangsmåten. Det er også eit krav om at eleven skal få nødvendig informasjon for å kunne ta stilling til om han eller ho vil uttale seg, kva saka gjeld, og kvifor de skal gjennomføre samtalen. Vi kan på bakgrunn av intervju og innsendt dokumentasjon ikkje sjå at rektor har klarlagt ein framgangsmåte for dette. Fylkesmannen konkluderer med at krava i regelverket ikkje er oppfylt på dette punktet.

Sikrar rektor at skulen setter inn egna tiltak dersom ein elev sin rett til eit trygt og godt skulemiljø ikkje er oppfylt?

Våre observasjonar

Vi undersøker om rektor har bestemt ein framgangsmåte som sikrar at skulen sett inn eigna tiltak i alle saker. Vi undersøker og om rektor følgjer opp at dei tilsette på skulen, brukar framgangsmåten i praksis.

I handlingsplanen kjem det fram at det skal utformast ein skriftleg tiltaksplan. I planen skal det stå kva problem saka skal løyse, kva tiltak skulen skal planlagt, når tiltaka skal gjennomførast, kven som er ansvarleg for gjennomføring av tiltaka og når tiltaka skal evaluerast. I tillegg skal skulen skal dokumentere kva som blir gjort for å oppfylle aktivitetsplikta.

I RefLex blir det stilt spørsmål om det alltid blir sett inn tiltak der ein elev ikkje har eit trygt og godt skulemiljø. Alle svarar ja på dette spørsmålet, og viser til at det blir sett inn tiltak når dei veit om at ein elev ikkje har eit trygt og godt skulemiljø. Ei anna gruppe svarar at det blir sett inn både direkte tiltak og førebyggjande tiltak som Smart oppvekst, Psykologisk førstehjelp og Zippys venner.

På spørsmål i RefLex om tiltaka er tilpassa saka i type og omfang og er basert på eleven sine heilskaplege behov og eleven sitt beste, svarar alle ja. Ei av gruppene svarar at det er viktig at tiltaka er gjennomførbare og at lærar, elev og heim kan samarbeide om dette.

Skulen har sendt inn fem aktivitetsplanar, og den siste av desse planane er frå våren 2019. I to av dei nyaste planane står det at tiltak skal setjast i verk snarast, med bakgrunn i dei undersøkingane skulen har gjort og det eleven og føresette fortel. Det er sett inn tiltak på klassenivå og på skulenivå.

Problemskilddingane i planane er stort sett formulert slik «eleven skal ha det trygt og godt på skulen» eller «eleven har det ikkje trygt og godt». I tillegg står det i nokre av aktivitetsplanane noko om kva som har skjedd, hendinga og bakgrunnen for opplevinga.

I nokre av planane står det under tiltak, at tiltak vil bli sett i verk snarast, medan i andre aktivitetsplanar ser vi at tiltaka er både observasjonar og samtalar. Vi finn døme på at ein aktivitetsplan har vore gjeldande i over eitt år.

Vår vurdering

Kravet er at rektor har bestemt ein framgangsmåte som sikrar at skulen set inn eigna tiltak i alle saker. Rektor må og følgje opp at dei som jobbar på skulen, nyttar framgangsmåten i praksis, med mindre rektor set inn tiltak sjølv.

Vi ser av handlingsplanen at skulen har ei rutine for å sette inn tiltak der ein elev ikkje har det trygt og godt, og at dei har utforma ein mal for aktivitetsplanen. I malen går det frem at skulen skal skildre kva tiltak dei har planlagt. For dei fleste innsendte aktivitetsplanane er rektor sett som ansvarleg for aktivitetsplanen. På bakgrunn av dette finn vi at skulen har ein framgangsmåte som sikrar at skulen sett inn tiltak i alle saker. Ettersom alle planane er utarbeida av rektor, legg vi til grunn at rektor følgjer opp at skulens framgangsmåte blir brukt i praksis.

Fylkesmannen skal også vurdere om skulen sin framgangsmåte sikrar at skulen sett inn tiltak som er tilpassa saka i type og omfang, og baserte på elevens heilskaplege behov og elevens beste. Tiltaka skal veljast ut frå faglege vurderingar av kva som er eigna tiltak. Dei må vere kunnskapsbaserte og byggje på tilstrekkeleg kompetanse om skulemiljø og arbeid mot mobbing og andre krenkingar.

Fylkesmannen har tidlegare i rapporten vurdert at rektor ikkje har ein framgangsmåte som sikrar at skulen undersøker alle saker tilstrekkeleg grundig. Det kan sjå ut som at fleire av tiltaka som er sett inn i aktivitetsplanane er ein del av undersøkinga som skal vera grunnlaget for val av tiltak. God kvalitet på undersøkingar og analyser er ein føresetnad for å vurdere kva som er eigna tiltak i ei sak. Ei god skildring av problema svarar på kvifor eleven ikkje har det trygt og godt på skulen og identifiserer kva som er dei oppretthaldande faktorane i miljøet rundt eleven. Utan ein konkret omtale av kva som er problema, er det vanskeleg å lage målretta tiltak og å evaluere om tiltaka har hatt effekt.

I aktivitetsplanane er samtale og observasjon gjentekne tiltak. Dersom skulen vil gjennomføre samtalar som tiltak, må det komme klart fram korleis dette skal bidra til å avhjelpe problemet eleven opplever og sikre at eleven skal få eit trygt og godt skulemiljø. Det kjem ikkje for alle elevane fram i dei innsendte planane nokon nærare skildring av kva desse samtalene skal dreie seg om, eller kva føremålet med samtalene skal vere. Observasjon vil i dei fleste tilfelle vere ein del av undersøkinga, og vil sjeldan vere eit eigna tiltak.

Videre ser vi at skulen under plikta til å «følgje med», «gripe inn», «varsle» og «undersøke» har sett inn det som kan virka til å vere tiltak. Ansvar er tillagt bestemte tilsette under desse punkta. Dette kan tyde på feil regelverksforståing, og trekk i retning at det ikkje blir sett inn eigna tiltak.

Fylkesmannen finn at rektor sikrar at skulen set inn tiltak, dersom ein elev sin rett til eit trygt og godt skulemiljø ikkje er oppfylt. Fylkesmannen finn at rektor ikkje har bestemt en framgangsmåte som sikrar at skulen sett inn eigna tiltak som er tilpassa saka i type og omfang. Fylkesmannen konkluderer med at krava i regelverket ikkje er oppfylt på dette punktet.

3 Plikta til å straks varsle, undersøke og setje inn tiltak dersom ein som jobbar på skulen, krenker ein eller fleire elevar

3.1 Rettslege krav

Reglane om den skjerpa aktivitetsplikta står i opplæringslova § 9 A-4 og 9 A-5.

Rektor har ansvar for at skulen jobbar kontinuerleg og systematisk for å fremje helsa, miljøet og tryggleiken til elevane, slik at plikta til å straks varsle, undersøke og setje inn tiltak dersom ein som jobbar på skulen krenkjer ein eller fleire elevar blir oppfylt, jf. opplæringslova § 9 A-3.

Plikta til å straks varsle rektor og skuleeigar

Alle som jobbar på skulen, skal varsle rektor straks, dersom dei får mistanke om eller kjennskap til at ein som jobbar på skulen, krenkjer ein eller fleire elevar. Rektor skal varsle skuleeigaren straks. Dersom det er ein tilsett i skuleleiinga som krenkjer elevar, skal skuleeigaren få varsel i staden for rektor. De skal dokumentere korleis de varslar.

Kva som er å krenkje, skal de tolke vidt. Det kan vere direkte krenkingar, men også meir indirekte krenkingar som utestenging, isolering og baksnakking. Korleis elevane opplevde krenkinga, har ikkje noko å seie for plikta til å varsle. Det er tilstrekkeleg med mistanke for at plikta til å varsle inntre. Å ha ein mistanke vil seie å ha ei kjensle av eller tanke om at ein som jobbar på skulen, krenkjer ein eller fleire elevar.

De skal gi elevane som har vorte krenkte, beskjed om at de kjem til å varsle rektor eller skuleeigaren om saka, med mindre dette hindrar at de kan varsle raskt nok.

Rektor skal sikre at alle som jobbar på skulen veit at de skal varsle, og følgje opp at det blir gjort.

Plikta til å undersøke saka straks

De må undersøke kva som har skjedd. De skal dokumentere korleis de undersøker saka.

Dersom undersøkinga viser at ein som jobbar på skulen, har krenkt elevar, må de undersøke korleis elevane opplevde dette. Dersom det er elevar som ikkje har eit trygt og godt skulemiljø som følgje av krenkingane, må de vurdere kva for tiltak de skal setje inn.

Ein elev som krenkinga direkte rettar seg mot, har rett til å uttale seg. De skal tilretteleggje og ufarleggjere samtalen. Eleven kan ha med seg foreldra eller andre som støtte, eller få dei til å uttale seg på sine vegner. Dersom krenkinga rettar seg mot ei større gruppe elevar, for eksempel ein klasse, kan det vere tilstrekkeleg å snakke med klassen samla eller med ein del av elevane.

Rektor skal sikre at alle som jobbar på skulen veit at de skal undersøke, og følgje opp at det blir gjort.

Plikta til å straks setje inn eigna tiltak

Dersom ein eller fleire elevar opplever å ikkje ha eit trygt og godt skulemiljø som følgje av krenkinga, gjeld skulen si aktivitetsplikt. De skal så langt det finst eigna tiltak, syte for at eleven får eit trygt og godt skulemiljø.

3.2 Våre observasjonar, vurderingar og konklusjonar

Det er to grupper som har svart på dette deltema i RefLex. Elles viser vi til skulen sin innsendte dokumentasjon og intervju.

Sikrar rektor at alle som jobbar på skulen, varslar rektor dersom dei får mistanke om eller kjennskap til at ein som jobbar på skulen, har krenka ein eller fleire elevar, eller at dei varslar direkte til skuleeigaren dersom mistanken gjeld ein i skuleleiinga?

Våre observasjonar

Vi undersøker om rektor har bestemt ein framgangsmåte som sikrar at dei som jobbar på skulen, varslar rektor eller eventuelt skuleeigar.

I handlingsplanen står det at det skal varslast, dersom nokon ved skulen får mistanke om eller kjennskap til at ein annan som arbeider ved skulen utset ein elev for krenking av noko slag.

Rektor fortel at skulen si rutine er at dersom ein har mistanke om at ein tilsett på skulen krenkar ein elev, skal ein varsle. På spørsmål i eigenvurderinga i RefLex om rektor har gjort dei som jobbar på skulen, kjende med at dei skal varsle rektor ved mistanke om at ein som jobbar på skulen, har krenkt ein eller fleire elevar, svarar dei at det er opplyst om dette både på personalmøte fleire gonger og på et stort foreldremøte.

På spørsmål i eigenvurderinga om det er bestemt korleis det skal varslast, svarar ei av gruppene nei. Dei trur dei ville ha snakka med tillitsvald og verneombod før dei hadde snakka med rektor, men at dei kanskje hadde snakka med rektor med ein gong. Dei er ikkje gjort kjende med nokon spesifikk framgangsmåte for varsling. Ei lærargruppe fortel at dei er gjort kjend med at om ein lærar krenker ein elev, så skal ein varsle rektor. Dette er teke opp og repetert. Ei anna gruppe svarar at dei er godt kjend med at dei skal varsle rektor dersom ein lærar krenker ein elev, og at dette blir presisert i møte med føresette.

Ei lærargruppe fortel i intervju at dei ikkje har ein bestemt terskel for når dei skal varsle rektor. Det er eleven si oppleving som gjeld, så det kjem an på korleis eleven opplever det. Den andre gruppa svara at dei ikkje har hatt ein tydeleg diskusjon om kor ein legg terskelen for varsling.

På spørsmål i intervju om kva rutinar som gjeld dersom ein i skuleleiinga krenker elevar, svarar ei lærargruppe at dei veit at dei må varsle skuleeigar. Dei tenkjer dei har ei felles forståing på trinnet, men at dei ikkje har ein bestemt framgangsmåte for korleis dette skal gjerast.

Vår vurdering

Kravet er at rektor må ha ein bestemd framgangsmåte som sikrar at dei som jobbar på skulen, varslar rektor eller eventuelt skuleeigaren i slike saker.

I Reflex og i intervju kjem det fram at dei tilsette er kjende med at dei skal varsle til skuleleiinga, dersom det ved mistanke om at ein lærar krenker ein elev. Det kjem også fram at dei er kjende med at skuleeigar skal varslast dersom det er ein i skuleleiinga som krenker. Rektor informerer om dette i starten av eit skuleår. Det blir vist til felles foreldremøte om hausten, der dette blir presisert. Videre ser vi at dette går fram av handlingsplanen. På denne måten har rektor gjort dei tilsette kjende med at dei skal varsle om slike saker, og kven dei skal varsle til.

Fylkesmannen kan likevel ikkje sjå at rektor har bestemt ein framgangsmåte for kva saker ein skal varsle om eller korleis ein skal varsle. Lærargruppene viser til at dei ikkje har drøfta ein terskel for mistanke i fellesskap. I handlingsplanen står det at dei skal varsle, men det går ikkje tydeleg fram av handlingsplanen på kva måte det skal varslast eller kva det skal varslast om. Fylkesmannen kan ikkje sjå at rektor har ein bestemt framgangsmåte som sikrar at dei som jobbar på skulen varslar i slike saker. Fylkesmannen konkluderer med at krava i regelverket ikkje er oppfylt på dette punktet.

Sikrar rektor at alle som jobbar på skulen varslar rektor eller eventuelt skuleeigaren straks?

Våre observasjonar

Vi undersøker om framgangsmåten for varsling sikrar at alle som jobbar på skulen, varslar rektor eller eventuelt skuleeigaren straks.

I handlingsplan står det at dersom ein tilsett ved skulen får mistanke om eller kjennskap til at ein annan som arbeider ved skulen utset ein elev for krenking av noko slag, skal den tilsette straks varsle rektor og rektor varsle skuleeigar.

I intervju stilte vi rektor spørsmål om kva slags system skulen har for å varsle. Rektor svarar at som oftast kjem læraren direkte til ho, men at det og har skjedd at dei trykkjer på skulemiljøknappen. Da kjem det rett til skulen og skuleeigar. Rektor har sjølv også nytta knappen.

I eigenvurderinga i RefLex og i intervju blir det stilt spørsmål om alle er kjende med at dei skal varsle rektor eller skuleeigar straks. Alle svarar ja. Ei av gruppene skriv at det sjølvstøtt er avhengig av kor alvorleg saka er. På spørsmål om skulen har ei rutine for dette, fortel ei lærargruppe at dei ikkje er kjende med diskusjonar knytt til kor raskt det skal varslast. Gruppa fortel at dette kan vere vanskelege situasjonar. Dei ville ha funne nokon å samtala med, der ein snakka om det var lurt eller ikkje å varsle. Dei viser til at det som hovudregel skal varslast raskt.

På spørsmål om skulen har ei rutine på å dokumentere tilfelle der ein som jobbar på skulen har varsla om at ein annan som jobbar på skule har krenka ein eller fleire elevar, svara lærarane nei.

Vår vurdering

Rektor må ha ein framgangsmåte som sikrar at alle som jobbar på skulen, varslar rektor eller eventuelt skuleeigaren straks. Det går fram av intervju og eigenvurderinga at dei tilsette ved skulen er kjende med at dei skal varsle straks, men at det kjem an på kor alvorleg saka er. Dei tykkjer også at dette er vanskelege situasjonar og kunne tenkje seg å diskutere det med kollegaer om det er lurt å varsle.

Ettersom skulen ikkje har gjort det klart kva saker ein skal varsle om, blir dette i stor grad opp til dei enkelte lærarane. Vi ser at lærarane sjølv kan synes det er vanskeleg å trekke denne terskelen. Når skulen ikkje har tydeleggjort kva saker ein skal varsle om, kan framgangsmåten bli ulik for kvar tilsett, og rektor kan difor ikkje vere sikker på at alle saker blir varsla straks. På bakgrunn av dette finn vi at rektor ikkje sikrar at alle som jobbar på skulen varslar rektor eller eventuelt skuleeigaren straks. Fylkesmannen konkluderer med at krava i regelverket ikkje er oppfylt på dette punktet.

Varslar rektor skuleeigaren straks dersom det er mistanke om eller kjennskap til at en som jobbar på skulen, har krenka en eller fleire elevar?

Våre observasjonar

Vi undersøker om rektor varslar skuleeigaren straks i tilfelle kor det er mistanke om eller kjennskap til at ein tilsett på skulen har krenka ein eller fleire elevar.

I handlingsplan står det at dersom ein tilsett ved skulen får mistanke om eller kjennskap til at ein annan som arbeider ved skulen utset ein elev for krenking av noko slag, skal han eller ho straks varsle rektor og rektor skal varsle skuleeigar. I intervju med rektor stilte vi spørsmål om kva som skal til for at ho varslar. Rektor svara at rutinen er at det skal varslast ved mistanke. Det gjer ho.

Vår vurdering

Rektor må varsle skuleeigar straks i tilfelle der ein har mistanke om eller kjennskap til at ein som jobbar på skulen, har krenka ein eller fleire elevar.

Det går fram av handlingsplanen at dersom ein tilsett ved skulen får mistanke om eller kjennskap til at ein annan som arbeider ved skulen utset ein elev for krenking av noko slag, straks skal varsle rektor og at rektor skal varsle skuleeigar. I intervju med rektor blir det vist til rutinen, og at ho varslar straks. Fylkesmannen finn det sannsynleggjort at rektor varslar skuleeigaren straks. Fylkesmannen konkluderer med at krava i regelverket er oppfylt på dette punktet.

Sikrar rektor at skulen undersøker saka ved mistanke om eller kjennskap til at ein som jobbar på skulen, har krenka ein eller fleire elever?

Våre observasjonar

Vi undersøker om rektor har bestemt ein framgangsmåte som sikrar at skulen undersøker alle saker, og at det blir gjort tilstrekkeleg grundig. Vi undersøker og om rektor følgjer opp at dei tilsette på skulen, undersøker sakene i samsvar med framgangsmåten.

I handlingsplanen står det ikkje skrive noko om kva som er målet med undersøkingane eller korleis det skal undersøkast.

På spørsmål om kva som er viktig å få fram i ei undersøking ved mistanke om at ein tilsett har krenkja ein elev, svarar lærarane at det er viktig å ha ein dialog med eleven og få fram eleven si subjektive oppleving. Det er dette som er det viktige å undersøke. Ei anna gruppe svarar at det eleven opplevde måtte komme fram. Læraren og dei som varslar må også få fortalt sin versjon.

Vi stilte vidare spørsmål om det er ein felles framgangsmåte for å undersøke. På dette svara lærarane at det er avhengig av situasjonen. «Vi har ingen definert framgangsmåte. Det kunne vore ein fordel».

Vår vurdering

Rektor må ha bestemt ein framgangsmåte som sikrar at skulen undersøker alle saker, og at det blir gjort tilstrekkeleg grundig. Skulen sin framgangsmåte må sikre at involverte elevar blir høyrde når de undersøker saker, og rektor må følgje opp at dei som jobbar på skulen, høyrer involverte elevar i undersøkingane.

I intervju med rektor viser ho til handlingsplanen. Fylkesmannen kan ikkje sjå at det kjem fram av handlingsplanen korleis ein skal undersøke ei sak ved mistanke om eller kjennskap til at ein som jobbar på skulen har krenka ein eller fleire elevar. I desse sakene må det undersøkjast kva som har skjedd, om det har skjedd krenkingar og kva for elevar som er involverte. Vi finn i intervjuet at lærarane er opptekne av å få fram fleire sider av ei slik sak, men at dei ikkje har ein bestemt framgangsmåte for å undersøke sakene. Lærarane seier at dei ikkje har nokon definert framgangsmåte, men at det kunne vore ein fordel. Fylkesmannen finn det sannsynleg at skulen undersøker saker, men vi kan ikkje sjå at rektor har bestemt ein framgangsmåte som sikrar at skulen undersøker alle saker tilstrekkeleg grundig. Fylkesmannen konkluderer med at krava i regelverket ikkje er oppfylt på dette punktet.

Sikrar rektor at skulen undersøker saka straks?

Våre observasjonar

Vi undersøker om framgangsmåten sikrar at undersøker slike saker straks. Vi undersøker også om rektor følgjer opp at dei tilsette på skulen nyttar framgangsmåten i praksis.

I handlingsplanen står det at saka straks skal undersøkast, men det går ikkje fram at dette gjeld dersom ein tilsett ved skulen krenkjer ein elev. På side 10 i handlingsplanen står det at dersom det er ein i leiinga av skulen som står bak krenkinga skal det setjast i gong undersøking og tiltak etter §9 A-4. Det står ikkje noko i handlingsplanen om kor raskt det skal undersøkast dersom det er ei §9 A-5 sak. Det står vidare i handlingsplanen at skulen skal sikre at elevane si subjektive oppleving kjem fram, og at eventuelle tiltak blir sett i gang så raskt som mogeleg.

Vår vurdering

Kravet er at rektor har bestemt ein framgangsmåte sikrar at skulen undersøker slike saker straks. Rektor må også følgje opp at de som jobbar på skulen brukar framgangsmåten i praksis. De må også dokumentere kva de gjer for å undersøke saker. De skal dokumentere kva de har gjort i kvar enkelt sak, og det er ikkje tilstrekkeleg å vise til rutinar eller planar for korleis de skal oppfylle aktivitetsplikta.

Vi kan ikkje sjå at det i handlingsplanen er gitt føringar for kor raskt det skal undersøkast i saker som gjeld ei §9 A-5 sak. Det kjem fram i planen at det skal setjast i gong undersøking og tiltak. Vi kan difor ikkje sjå at rektor har ein framgangsmåte for å sikre at skulen undersøker saka straks.

Skulen må også dokumentere kva dei gjer for å oppfylle plikta til å undersøke. Det går ikkje fram av handlingsplanen at dette blir gjort.

Fylkesmannen finn at skulen ikkje har ein framgangsmåte for å undersøke saka snarast når ein som jobbar ved skulen, eller ein elev seier frå om at skulemiljøet ikkje er trygt og godt. Vi finn også at de ikkje dokumenterer kva de gjer for å undersøke saker. Fylkesmannen konkluderer med at krava i regelverket ikkje er oppfylt på dette punktet.

4 Plikta til å gjennomføre, evaluere og tilpasse tiltak

4.1 Rettslege krav

Aktivitetsplikta står i opplæringslova § 9 A-4.

Rektor har ansvar for at skulen jobbar kontinuerleg og systematisk for å fremje helsa, miljøet og tryggleiken til elevane, slik at plikta til å gjennomføre, evaluere og tilpasse tiltak blir oppfylt, jf. opplæringslova § 9 A-3.

Plikta til å utarbeide ein skriftleg plan

De skal lage ein skriftleg plan som skal beskrive kva for ein elev planen gjeld, kva for problem tiltaka skal løyse, kva for tiltak de har planlagt, når de skal gjennomføre tiltaka, kven som er ansvarleg for gjennomføringa av tiltaka, og når de skal evaluere tiltaka.

Eleven og foreldra til eleven som saka gjeld, har rett til å få dei delane av aktivitetsplanen som omhandlar eleven. Dersom eleven er over 18 år, har ikkje foreldre rett til å få planen.

Plikta til å gjennomføre, evaluere og tilpasse tiltaka

De må gjennomføre alle tiltaka som følgjer av planen. Vidare må de dokumentere at de gjennomfører tiltak i tråd med planen.

For å kunne evaluere tiltaka, må de skaffe dykk tilstrekkeleg informasjon om korleis tiltaka har verka. Eleven som tiltaka gjeld, har rett til å uttale seg. De skal leggje til rette og ufarleggjere samtalen. Eleven kan ha med seg foreldra eller andre som støtte, eller få dei til å uttale seg på sine vegner.

De må vurdere korleis tiltaka har verka. De må endre tiltaka eller setje inn nye tiltak, dersom eleven framleis opplever å ikkje ha eit trygt og godt skulemiljø. Evalueringa kan også føre til at de forlengjer tiltak som verkar. De skal fortsetje med å setje inn tiltak, så lenge eleven ikkje opplever at skulemiljøet er trygt og godt, og det finst eigna tiltak som skulen kan setje inn.

De skal informere elevar og foreldre om at dei kan melde saka si til fylkesmannen dersom dei meiner at skulen ikkje oppfyller aktivitetsplikta, jf. forvaltningslova § 11 og opplæringslova § 9 A-9 første ledd.

4.2 Våre observasjonar, vurderingar og konklusjonar

Det er to grupper som har svara på dette deltema i eigenvurderinga i RefLex. Elles viser vi til skulen sin innsende dokumentasjon og intervju.

Lager skulen ein skriftleg plan i tråd med krava i § 9 A-4 sjette ledd når skulen skal sette inn tiltak i en sak?

Våre observasjonar

Vi undersøker om skulen lager ein skriftleg plan i tråd med krava i § 9-A 4 sjette ledd når skulen sett inn tiltak i ei sak.

Det går fram av handlingsplanen at det skal utformast ein skriftleg tiltaksplan. I planen skal det stå kva problem saka skal løyse, kva tiltak skulen skal planlegg, når tiltaka skal gjennomførast, kven som er ansvarleg for gjennomføring av tiltaka og når tiltaka skal evaluerast. I tillegg skal skulen skal dokumentere kva som blir gjort for å oppfylle aktivitetsplikta.

Skulen har sendt inn fem aktivitetsplanar. Alle aktivitetsplanane følgjer same mal. To av dei innsende planane er frå 2017, to er frå 2018 og ein er ifrå 2019. I to av dei nyaste planane står det at tiltak skal setjast i verk snarast med bakgrunn i dei undersøkingane skulen har gjort og det eleven og føresette fortel. Det er sett inn tiltak på klassenivå og på skulenivå. I tillegg har vi fått mal for aktivitetsplan, der det mellom anna står kven som er ansvarleg for aktivitetsplanen, dato, bakgrunnsinformasjon og problemskildring, dei ulike delpliktene, korleis saka er undersøkt, samtalar med elev og føresette, mål, tiltak, ansvarlege og dato for evalueringsmøte.

Problemskildringane i aktivitetsplanane er stort sett formulert på følgjande måte: «eleven skal ha det trygt og godt på skulen» eller «eleven har det ikkje trygt og godt». I tillegg står det i nokre av aktivitetsplanane litt om kva som har skjedd, hendinga og bakgrunnen for elevens oppleving av skulemiljøet. I nokre av planane står det at tiltak vil bli sett i verk snarast, medan i andre aktivitetsplanar ser vi at tiltaka både er observasjonar og samtalar. Vi finn også døme på tiltak der alle på skulen skal passe særskild på kva som skjer. Eit av tiltaka er også at dei skal gripe inn og praktisere nulltoleranse for alle former for krenkande åtferd.

Kommentar til førebels rapport

Rektor skriv i tilbakemeldinga at «me merkar oss det som står i tilbakemeldinga og vil syte for meir konkrete tiltaksplanar der det tydeleg kjem fram kva problem tiltaka skal løyse. Malen skulen nyttar er vedlagt (Opplæringslova 9A aktivitetsplikt, tiltaksplan).»

Vår vurdering

Ein føresetnad for å kunne utforme skildringar av kva problem eit tiltak er meint å løyse, er at skulen har gjennomført grundige undersøkingar som har hatt som føremål å få fram fakta om ein situasjon, bakgrunnen for elevens oppleving og kva forhold i elevens omgivelser som påverkar korleis eleven har det på skulen. Utan at undersøkingane har hatt dette som føremål, vil det vere vanskeleg å gje ei god skildring av kva problem tiltaket skal løyse.

Vi har sett at skulen ikkje har ein framgangsmåte som sikrar at dei undersøker saker tilstrekkeleg grundig. At undersøkingane ikkje er gode nok, blir mellom anna vist i skulen sine skildringar av kva problem tiltaka skal løyse i aktivitetsplanen og at undersøking er sett inn som eit tiltak. Problemskildringane i planane er for lite konkrete til at det kan lagast tiltak som skal løysa eit problem. Dei ber og preg av at undersøkingane er for snevre, eller at undersøkingane kjem i etterkant av at ein har iverksett planen.

Malen er lagt opp slik at skulen skal dokumentere kva dei har gjort under alle delplikter. Men slik planen nyttast i praksis kan det sjå ut som det blir utforma tiltak under kvar delplikt. Dette gjer til at det blir vanskeleg å sjå kven som er ansvarlege for gjennomføringa av tiltaka og når dei skal gjennomførast. Dette kan tyde på at skulen her har feil regelverksforståing. Det er rett at skulen må dokumentere korleis ein oppfyller delpliktane, men plikta til å følgje med, varsle, gripe inn og undersøke er ikkje tiltak i ein aktivitetsplan. Når planen blir nytta på denne måten, blir det ikkje tydeleg kva problem dei ulike tiltaka skal løyse, og tiltaka som blir utforma er ikkje alltid eigna for å løyse problemet som eleven opplever. Dette gjer til at planen ikkje blir utforma i tråd med krava i opplæringslova § 9 A-4 sjette ledd.

Ettersom skulen sine skildringar av kva problem tiltaka skal løyse i fleire tilfelle er for lite konkrete, at fleire av tiltaka i realiteten er undersøkingar, og at det blir sett i gong tiltak før det blir gjort undersøkingar finn vi at skulen ikkje lagar ein skriftleg plan i tråd med krava i § 9 A-4 sjette ledd når skulen skal sette inn tiltak i ei sak.

Skulen har i si tilbakemelding send ny mal for aktivitetsplan. Fylkesmannen finn at planen er egna til å sikre at aktivitetsplanane vil vera i tråd med krava i opplæringslova § 9 A-4 sjette ledd. Generelt vil det ikkje vere nok å leggje fram ein ny mal, kommunen må ha gjennomført tiltak som er egna til å sikre at den nye malen blir følgt. Fylkesmannen konkluderer med at krava i regelverket ikkje er oppfylt på dette punktet.

Får eleven og foreldra som saka gjeld, aktivitetsplanen frå skulen dersom dei ber om det?

Våre observasjonar

Vi undersøker om eleven og foreldra som saken gjeld, får aktivitetsplanen frå skulen.

På spørsmål i intervju om eleven og foreldra saka gjeld får aktivitetsplanen frå skulen dersom dei ber om det, svarar lærarane at det får dei. Det kjem fram at elevar og foreldre er med på møte og kjem med forslag til tiltaksplan. Det står ikkje noko om dette i handlingsplanen eller i aktivitetsplanane.

Vår vurdering

Kravet er at eleven og foreldra som saka gjeld, får aktivitetsplanen frå skulen dersom dei ber om det. På bakgrunn av intervju og eigenvurderingar, finn Fylkesmannen det sannsynleg at eleven og foreldra får aktivitetsplanen frå skulen. Fylkesmannen konkluderer med at krava i regelverket er oppfylt på dette punktet.

Følgjer rektor opp at skulen gjennomfører tiltak i tråd med aktivitetsplanen?

Våre observasjonar

Vi undersøker om rektor følgjer opp at skulen gjennomfører tiltaka i tråd med aktivitetsplanen.

Det står ingenting om dette i handlingsplanen. I aktivitetsplanane ser vi at fleire tilsette er ansvarlege for gjennomføring av tiltaka, mellom anna rektor.

I intervju stilte vi spørsmål om korleis rektor følgjer opp at skulen gjennomfører tiltaka i aktivitetsplanen. Ei gruppe svara: «Vi har skrive kor tid det skal vurderast, og så har vi hatt eit nytt møte til den tid. Dette har vore møte med elev, foreldre, rektor og lærar. Det skal vere sett inn tiltak innan ei tid. Det er rektor som skal inn og undersøke og ta initiativ til møter og plan og tiltak. Rektor kunne vore flinkare med tiltaka, men har tillit til at vi følgjer opp desse tiltaka.»

Vi stilte vidare spørsmål om skulen dokumenterte at dei gjennomfører tiltaka i planen. Til det svarar lærarane at dei har samtalar om kva som fungerer og kva som ikkje fungerer. På spørsmål i eigenvurderinga i RefLex om tiltaka i aktivitetsplanen blir gjennomført slik dei er skildra, både i innhald og tid, svarar lærarane ja. Ein lærer skriv at dei tek tiltaksplanane på alvor og gjennomfører tiltak og møter etter planen.

Vår vurdering

Kravet er at rektor følgjer opp at de gjennomfører alle tiltaka i planen slik dei er skildra, både i innhald og tid. For at rektor skal kunne følgje opp dette, må det jobbast med systematisk. Skulen må og dokumentere at dei gjennomfører tiltaka i tråd med aktivitetsplanen.

Vi har tidlegare vist til at skulen sine skildringar av kva problem tiltaka skal løyse i fleire tilfelle er for generelle, at fleire av tiltaka i realiteten er undersøkingar og at det blir sett i gong tiltak før det blir gjort undersøkingar. Fylkesmannen meiner dette gjer at tiltaka blir for lite konkrete til at dei kan følgjast opp. Vi kan heller ikkje sjå ut frå dokumentasjon eller intervju at rektor systematisk følgjer opp dette. Vi ser av innsendt dokumentasjon at skulen har sett opp dato for evaluering i aktivitetsplanane, men vi kan ikkje sjå at det i aktivitetsplanane er dokumentert at de har gjennomført tiltaka i tråd med aktivitetsplanen. Skulen skal dokumentere kva dei faktisk har gjort i kvar sak. Fylkesmannen konkluderer med at krava i regelverket ikkje er oppfylt på dette punktet.

Sikrar rektor at skulen innhentar tilstrekkeleg informasjon om korleis tiltaka har virka, inkludert eleven sitt syn på korleis tiltaka har virka, og kva endringar eleven ønskjer?

Våre observasjonar

Vi undersøker om rektor har bestemt ein framgangsmåte som sikrar at skulen alltid hentar inn tilstrekkeleg informasjon om korleis tiltaka har verka, inkludert eleven sitt syn på korleis tiltaka har verka og kva for endringar eleven ynskjer.

Vi kan ikkje sjå at dette er omtalt i skulens handlingsplan. Det går fram av malen og i aktivitetsplanane at dei skal evaluerast, og at det er fastsett tid til eit evalueringsmøte. I eigenvurderinga i RefLex bekreftar lærarane at skulen alltid spør eleven om korleis tiltaka har virka, og kva endringar eleven ønskjer. Den eine gruppa seier at det er viktig å heile tida vere i dialog med eleven. Eigenvurderinga stiller også spørsmål om skulen alltid innhentar nødvendig

informasjon om korleis tiltaka har virka. Lærarane svarar også ja på dette: «I planen ligg avtale om møte der me skal evaluere».

Vår vurdering

Kravet er at rektor har bestemt ein framgangsmåte som sikrar at skulen alltid innhentar tilstrekkeleg informasjon om korleis tiltaka har virka, inkludert elevens syn på korleis tiltaka har virka, og kva endringar eleven ønsker.

Vi ser at skulen gjennomfører samtalar med eleven. Vi finn det sannsynleggjort utifrå eigenvurderinga at skulen og intervju at skulen evaluerer tiltaka og involverer eleven i evalueringa. I den innleverte dokumentasjonen går det likevel ikkje fram om skulen har ein framgangsmåte for korleis dette skal gjerast, til dømes kva informasjon skulen gir elevane for at dei skal kunne ta stilling til om dei vil uttale seg, kva saka gjeld og kvifor og korleis de skal gjennomføre samtalen.

Skulen sin framgangsmåte må sikre at dei hentar inn nødvendig informasjon om korleis tiltaka har verka. Rektor må følgje opp at skulen innhentar informasjon i tråd med framgangsmåten. De må òg vurdere om det er andre personar enn eleven som kan gi informasjon om korleis tiltaka har verka, og innhente informasjon frå desse personane. Det er ikkje skildra i rutinen kva informasjon som skal hentast inn når tiltaka skal evaluerast. Vi ser at det er lagt opp til å høyre elevane i samband med aktivitetsplanane, men det er ikkje er ein konkret framgangsmåte for kva informasjon som skal hentast inn. Fylkesmannen konkluderer med at krava i regelverket ikkje er oppfylt på dette punktet.

Syter rektor for at skulen tilpassar tiltaka basert på informasjonen om korleis tiltaka verka og eleven sitt syn?

Våre observasjonar

Vi undersøker om rektor tilpassar tiltaka basert på informasjonen om korleis dei har verka.

På spørsmål i eigenvurderinga i RefLex om de alltid tilpassar tiltaka, svarar lærarane ja. Dei skriv at dei alltid snakkar med elevane og har møte med foreldra undervegs og vurderer tiltaka. Det går fram av den eine aktivitetsplanen at tiltaka blir justert om nødvendig. I ein av dei andre aktivitetsplanane finn vi at planen har vart over tid. Vi kan ikkje sjå at tiltaka i denne planen har vorte justerte undervegs.

Vår vurdering

Kravet er at rektor systematisk følgjer opp at skulen evaluerer og tilpassar tiltaka basert på informasjonen om korleis tiltaka har verka og eleven sitt syn. Det vil seie at skulen må innhente informasjon og vurdere korleis tiltaka har verka. Dersom det kjem fram i evalueringa at eleven framleis opplever å ikkje ha eit trygt og godt skulemiljø, må tiltaka endrast eller erstattast med meir eigna tiltak. Evalueringa kan også føre til at skulen forlengjer tiltak som verkar.

Det står i skulen sin handlingsplan at skulen skal følgje opp etter at tiltak er sett i verk. Det går ikkje fram kva som ligg i følgje opp etter at tiltak er sett i verk, og om dette handlar om å vurdere tiltak. Skulen har hatt enkelte saker som har vart over tid. Det går ikkje fram korleis desse tiltaka

eventuelt har vorte evaluerte og justerte utover at dei har hatt eit evalueringsmøte. Det blir vanskeleg for rektor å sørge for at tiltaka blir evaluerte og justerte, dersom det er opp til kvar einskild lærer korleis dette skal gjerast. Vi kan difor ikkje sjå at rektor systematisk følgjer opp at tiltaka blir tilpassa basert på informasjon om korleis tiltaka har virka og kva som er elevens sitt syn. Fylkesmannen konkluderer med at krava i regelverket ikkje er oppfylt på dette punktet.

Informerer skulen elevar og foreldre om at dei kan melde saka si til fylkesmannen dersom dei meiner at skulen ikkje oppfyller aktivitetsplikta?

Våre observasjonar

Vi undersøker om dei tilsette på skulen, informerer elevar og foreldre om at dei kan melde saka si til Fylkesmannen, dersom dei meiner at skulen ikkje oppfyller aktivitetsplikta.

Fylkesmannen kan ikkje sjå at handlingsplanen omtalar dette. På heimesida til skulen finn vi lenke til UDIR sine sider med informasjon til born, unge og foreldre om mobbing og rettar.

På spørsmål i eigenvurderinga om skulen informerer elevar og foreldre om at dei kan melde saka si til fylkesmannen, dersom dei meiner at skulen ikkje oppfyller aktivitetsplikta, svarar lærarane ja. Dei skriv: «Rektor har informert på stort foreldremøte. Ho har også informert at kontaktlærarane skal seia dette på klasseforeldremøte». Det går fram i intervju med ei av lærargruppene at dei ikkje er kjend med at saka kan meldast til Fylkesmannen. I intervju stilte vi spørsmål om korleis elevane blir informert om at dei kan melde sak til Fylkesmannen, dersom dei meiner at skulen ikkje oppfyller aktivitetsplikta. Lærarane svara at dette blir ikkje gjort.

Kommentar til førebels rapport

Rektor skriv i tilbakemeldinga at «Skulens praksis er å bruke fleire kanalar for å informere elevane og føresette om at dei kan melde saka si til Fylkesmannen. Alle lærarane blir i byrjinga på skuleåret pålagt å informere om; Opplæringslova §9A, og om at alle elevar har rett til eit trygt og godt skulemiljø. Vidare om skulemiljøknappen, og om korleis ein kan melde frå dersom ein blir mobba eller krenka. I elevrådet ved starten av skuleåret vert også dette forklart og informert om. Vanleg praksis er også å informere på storforeldre- og klasseforeldremøte. Rektor har og tradisjon for å informere føresette gjennom mobilskule – dette for å vere heilt sikker på at alle kjenne til denne informasjonen».

Vår vurdering

I ny mal til aktivitetsplan står det at saka kan meldast til Fylkesmannen dersom elevar/føresette ikkje er fornøgd med det skulen gjer for at elevane skal få det trygt og godt på skulen. Rektor skriv i tilbakemeldinga at det vert informert om dette på starten av skuleåret, i klasseforeldremøte gjennom mobilskule. Skulen har lenke til null mobbing på si heimeside. På bakgrunn av tilbakemelding på førebels rapport finn vi det sannsynleggjort at skulen informerer om at elevar og foreldre kan melde saka si til Fylkesmannen dersom dei meiner at skulen ikkje oppfyller aktivitetsplikta. Fylkesmannen konkluderer med at krava i regelverket er oppfylt på dette punktet.

5 Våre reaksjonar

5.1 Pålegg om retting

I kapitla ovanfor har vi konstatert at de ikkje oppfyller regelverket på alle område. Vi pålegg dykk å rette opp følgjande, jf. kommunelova § 30-4:

1. Kommunen må sørge for at skulen oppfyller plikta til å følgje med og gripe inn, varsle, undersøke og setje inn tiltak for å sikre at elevar har eit trygt og godt skulemiljø, jf. Opplæringslova §§ 9 A-2, 9 A-3 og 9 A4. Kommunen må i samband med dette sjå til at:
 - rektor sikrar at alle som jobbar på skulen, følgjer med på om elevane har eit trygt og godt skulemiljø, og at dei følgjer særleg godt med på elevar som er særskild sårbare
 - rektor syter for at alle som jobbar på skulen, grip inn mot krenkingar dersom det er mogeleg
 - rektor sikrar at alle som jobbar på skulen, varslar rektor dersom de får mistanke om eller kjennskap til at en elev ikkje har et trygt og godt skulemiljø
 - rektor sikrar at alle som jobbar på skulen, varslar rektor så raskt som saka tilseier
 - rektor sikrar at skulen undersøker saka når skulen har mistanke om eller kjennskap til at ein elev ikkje har et trygt og godt skulemiljø
 - rektor sikrar at skulen undersøker saka snarast
 - rektor sikrar at involverte elevar får uttale seg om kva som skal være innhaldet i aktivitetsplanen
 - at rektor sikrar at skulen setter inn egna tiltak dersom ein elev sin rett til eit trygt og godt skulemiljø ikkje er oppfylt
2. Kommunen må sørge for at skulen oppfyller plikta til straks å varsle, undersøke og sette inn tiltak ved mistanke eller kjennskap til at en som jobbar på skulen, har krenka ein eller fleire elevar, jf. Opplæringslova § 9A-3, 9A- og 9A-5. Kommunen må i samband med dette sjå til at:
 - rektor sikrar at alle som jobbar på skulen, varslar rektor dersom de får mistanke om eller kjennskap til at en som jobbar på skulen, har krenka en eller fleire elever, eller at de varslar direkte til skuleeigaren dersom mistanken gjelder en i skuleleiinga
 - rektor sikrar at alle som jobbar på skulen varslar rektor eller eventuelt skuleeigaren straks
 - rektor sikrar at skulen undersøker saken ved mistanke om eller kjennskap til at en som jobbar på skulen, har krenka en eller fleire elever
 - rektor sikrar at skulen undersøker saka straks
3. Kommunen må sørge for at skulen oppfyller plikta til å gjennomføre, evaluere og tilpasse tiltak for å sikre at elevar har eit trygt og godt skulemiljø, jf. opplæringslova §§ 9 A-3, 9 A-4 og 9 A-9 og forvaltningslova § 11. Kommunen må i samband med dette sjå til at:

- det blir laga ein skrifteleg plan i tråd med krava i § 9 A-4 sjette ledd når skulen skal setje inn tiltak i ei sak
- rektor følgjer opp at skulen gjennomfører tiltak i tråd med aktivitetsplanen
- rektor sikrar at skulen innhentar tilstrekkeleg informasjon om korleis tiltaka har virka, inkludert eleven sitt syn på korleis tiltaka har virka, og kva endringar eleven ønskjer
- rektor syter rektor for at skulen tilpassar tiltaka basert på informasjonen om korleis tiltaka verka og eleven sitt syn

5.2 Oppfølging av pålegga

De skal setje i verk tiltak for å rette brot på regelverket straks. Når pålegga er retta, skal de erklære at rettinga er gjennomført og gjere greie for korleis de har retta.

Fristen er 25. mars 2021. Vi vil ikkje avslutte tilsynet før de gjennom erklæringa og utgreiinga har vist at pålegga er retta.

6 De har rett til å klage

Tilsynsrapporten er eit enkeltvedtak etter forvaltningslova § 2 bokstav b. De kan klage på enkeltvedtaket.

Dersom de klagar, må de gjere det innan tre veker. Fristen gjeld frå melding om at brevet har komme fram til dykk, jf. forvaltningslova §§ 28 og 29. De sender klagen til oss. Vi har moglegheit til å omgjere vedtaket. Dersom vi ikkje er samde med dykk, sender vi klagen til Utdanningsdirektoratet som avgjer saka.

I forvaltningslova § 32 kan de sjå korleis de skal utforme klagen.

De kan be om at vi ikkje set i verk vedtaket før klagefristen er ute, eller klagen er endeleg avgjort av Utdanningsdirektoratet, jf. forvaltningslova § 42.

De er part i saken og har rett til innsyn i saksdokumenta, jf. forvaltningslova § 18.

Leikanger 15. desember 2020

Aase Bruntveit Njøs

tilsynsleiar

Oda Eikeland Myrnes

rådgjevar

Ole Kristian Os

rådgjevar